



# Høgskulen på Vestlandet

## Masteroppgave

MASA645

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	04-06-2021 09:00	<b>Termin:</b>	2021 VÅR
<b>Sluttdato:</b>	18-06-2021 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Masteroppgave		
<b>Flowkode:</b>	203 MASA645 1 MØ 2021 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	(Anonymisert)		

### Deltaker

<b>Kandidatnr.:</b>	403
---------------------	-----

### Informasjon fra deltaker

<b>Antall ord *:</b>	28159
----------------------	-------

**Egenerklæring \*:** Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt \*:

Jeg godkjenner avtalen om publisering av masteroppgaven min \*

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei



# MASTEROPPGÅVE

Når kvardagen endrar seg:

*- Ei kvalitativ undersøking av Barnas Stasjon og deira møte med sårbare familiar under ein pandemi*

When everyday life changes:

*- A qualitative study of Barnas Stasjon and their encounter with vulnerable families during a pandemic*

**Maria Ones**

Master i samfunnsarbeid

Institutt for velferd og deltaking

Rettleiar Kjetil Grimastad Lundberg

18.06.2021

## FORORD

Denne masteroppgåva er eit resultat av ein sjølvstendig, kvalitativ studie som undersøker korleis dei tilsette i ein organisasjon som arbeider med sårbare familiar har arbeida under koronapandemien. Studien retter søkjelyset mot korleis organisasjonen legg til rette for skaping av nettverk, deltaking og sosial kapital. Takka vere Barnas Stasjon sin leiar og tilsette sin velkomst og velvillige deling av erfaringar, har eg lært mykje det arbeidet dei gjer.

Eg ønskjer å takke rettleiaren min Kjetil Grimstad Lundberg, professor ved Institutt for Velferd og Deltaking ved Høgskulen på Vestlandet, som gjennom heile prosessen har gitt meg verdifull rettleiing, gode tips og støttande kommentarar.

Samstundes vil eg takke mine medstudentar for innhaldsrike og gode skriveseminar. Det har vore lærerikt og nyttig med diskusjonane der og dei tilbakemeldingane me har gitt til kvarandre. Takk til medstudent Stine Marthe Angelshaug for zoomsamtalar med både fagleg påfyll og gode refleksjonar.

Det har vore utfordrande å skrive ei masteroppgåve under ein pandemi. Det har vore krevjande å strukturere arbeidet samstundes som samfunnet i periodar har vore stengt og det har vore skule og barnehage i heimen. Samstundes har Jesper, Sanna og Nikolai sine gode klemmer gitt påfyll til å stå på vidare. Takk til min mann Torbjørn Sætre, for at du alltid har trua på meg.

Ones, juni 2021

Maria Ones

## SAMANDRAG

Dette er ei masteroppgåve i samfunnsarbeid ved Høgskulen på Vestlandet. Oppgåva er eit resultat av ein kvalitativ studie basert på deltakande observasjon og semistrukturert intervju med dei tilsette ved Barnas Stasjon i ein kommune på Vestlandet. Barnas Stasjon er ein ideell organisasjon som arbeider med familiar med samansette utfordringar og behov. Ulike teoriar innan samfunnsarbeid dannar utgangspunktet for undersøkinga saman med problemstillinga;

*Korleis arbeider dei tilsette i organisasjonen Barnas Stasjon med sårbare familiar under ein pandemi?*

Kunnskap om governance og danning av nettverk, deltaking og sosial kapital har danna viktige grunnlag for analysen av datamaterialet.

Studiens funn viser at Barnas Stasjon fungerer som noko meir enn ein stad der aktivitetar vert gjennomført. Det vart arbeida målretta, men varsamt, mot dei måla kvar familie har satt seg og under pandemiens påverknad måtte dei ta stilling til ulike utfordringar og gjere prioriteringar deretter. I tilboda deira og i samarbeidet med andre instansar ligg moglegheitene for endring.

Nøkkelord: governance, deltaking, fellesskap, nettverk, sosial kapital.

## ABSTRACT

This is a master`s thesis in Community Work at Høgskulen på Vestlandet. The assignment is the result of a qualitative study based on participatory observation and semi-structured interviews with the employees at a Barnas Stasjon in a municipality at Vestlandet. Barnas Stasjon is a non-profit organization that works with families with complex challenges and needs. Different theories within Community Work form the basis for the research together with the issue;

*How do the employees in the organization Barnas Stasjon work with vulnerable families during a pandemic?*

Knowledge of governance and networking, participation and social capital has formed an important basis for the analysis of the data material.

The study`s findings show that Barnas Stasjon functions as something more than a place where activities are carried out. They work determined, but cautiously, against the goals that the families have set and under the influence of the pandemic, they had to take a stand on various challenges and make priorities accordingly. In their efforts and in collaboration with others, lies the possibilities for change.

Keywords: governance, participation, community, network, social capital

FORORD	2
SAMANDRAG	3
ABSTRACT	4
1 INNLEIING	8
1.1 OPPGÅVAS UTGANGSPUNKT	10
1.2 BARNAS STASJON	12
1.3 BAND TIL SAMFUNNSARBEID	13
1.4 OPPGÅVAS OPPBYGNING	14
2 KUNNSKAPSSTATUS OG FORSKING PÅ FELTET	15
2.1 FOKUS PÅ SÅRBARE FAMILIAR OG BARNEFATTIGDOM I NOREG	15
2.2 MANGLANDE SOSIAL TRYGGLEIK	15
2.2 PANDEMIENS PÅVERKNAD PÅ TENESTETILBODET TIL SÅRBARE BORN OG UNGE	16
3 OPPGÅVAS TEORETISKE FORANKRING	19
3.1 GOVERNANCE	19
3.2 NETTVERK OG FELLESSKAP	21
3.3 SOSIAL KAPITAL	23
3.4 A LADDER OF CITIZEN PARTICIPATION	24
3.5 THE LADDER OF PARTICIPATION	25
3.6. STIAR MOT DELTAKING	26
4 METODE	29
4.1 Å FORSKE I EIN OMSKIFTELEG SMITTEVERNSKONTEKST	30
4.2 VITENSKAPSTEORETISK FORANKRING: HERMENEUTIKK	30
4.3 DELTAKANDE OBSERVASJON	31
4.3.1 FØREBUING TIL DATAINNSAMLINGA	32
4.3.2 GJENNOMFØRING AV DELTAKANDE OBSERVASJON	33
4.3.2.1 FELTNOTAT	33
4.4 KVALITATIVE FORSKINGSINTERVJU	34
4.4.1 UTFORMING AV INTERVJUGUIDE	34
4.4.2 UTVAL TIL INTERVJU	35
4.4.3. GJENNOMFØRING AV INTERVJU	36

<b>4.5 ANALYSE AV DATAMATERIALET</b>	<b>36</b>
<b>4.6 VURDERING AV DATAKVALITET: RELIABILITET OG VALIDITET</b>	<b>38</b>
4.6.1 VURDERING AV RELIABILITET I KVALITATIVE STUDIER	38
4.6.2 VURDERING AV VALIDITET I KVALITATIVE STUDIER	39
<b>4.7 ETISKE VURDERINGAR</b>	<b>40</b>
4.7.1 ETISKE VURDERINGAR UNDER DELTAKANDE OBSERVASJON OG I INTERVJUPROSESSEN	42
<b>5 BARNAS STASJON: VARSAM OMSORG I AKTIVITETAR OG TILTAK</b>	<b>44</b>
<b>5.1 ORGANISERING OG GJENNOMFØRING AV GRUPPEAKTIVITETAR</b>	<b>44</b>
5.1.2. TUR I NÆRMILJØET: AKEBAKKEN	45
5.1.2.1 UTANFORSKAP ELLER EIN DEL AV DEN SAME VEVEN?	45
5.1.2.2 DIALOG OG DISTANSE	46
5.1.2.3 SOSIAL STØTTE I DET KVARDAGSLEGE	47
5.1.2.4 LÅGTERSKELOKATIVITET- Å VERE EIN DELTAKAR I FELLESSKAPET	48
5.1.3 TUR PÅ SKØYTEISEN	48
5.1.3.2 SMITTEVERNREGLAR- EIT DILEMMA OPPSTÅR	49
5.1.3.4 FELLESSKAPET PÅ SKØYTEISEN	50
5.1.4 KOKK OG LE- NETTVERK OG LÆRING	51
5.1.4.2 KOKK OG LE JUNIOR	52
5.1.5 SMÅBARNSTREFF	54
5.1.6 GARDSBESØK	55
5.1.6.1 OMSORGA I DET SMÅ	56
5.1.6.3 Å KUNNE VERE MED- PÅ SITT EIGE NIVÅ	57
5.1.7 VERDIEN AV VEGEN MOT MÅLET	57
<b>5.2 INDIVIDUELLE TILTAK</b>	<b>59</b>
5.2.1 COS-KURS OG INDIVIDUELL RETTLEIING I EIT LÅGTERSKELOKATIVITAK	59
5.2.2 I SAMTALANE LIGG MOGLEGHEITENE	60
<b>5.3 KOMPLEKSITETEN I PRIORITERINGANE</b>	<b>63</b>
<b>6 BARNAS STASJON: SAMARBEIDETS MOGLEGHEITER</b>	<b>64</b>
<b>6.1 «NØKKELEN FOR Å FÅ DET TIL»</b>	<b>64</b>
<b>6.2 UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER</b>	<b>66</b>
6.2.1 Å FINNE SIN Plass	66
6.2.2 KOMMUNIKASJONENS FALLGRUVER	67
6.2.3 PANDEMIENS RINGVERKNADAR	69
<b>6.3 SAMARBEID – BELASTNING ELLER RESSURS?</b>	<b>70</b>
<b>6.4 SAMARBEID MED FRIVILLIGE – Å GÅ VEGEN SAMAN</b>	<b>73</b>
<b>6.5 SAMARBEIDETS IMPLIKASJONAR</b>	<b>76</b>
<b>7 BARNAS STASJON- EIT MANGFOLDIG OG VARSAMT ARBEID</b>	<b>78</b>
<b>7.1 EIT VELFUNGERANDE SAMARBEID- EIN AVGJERANDE FAKTOR?</b>	<b>79</b>
<b>7.2 EIT KOMPLISERANDE DILEMMA</b>	<b>79</b>



<b>7.3 BARNAS STASJON- MEIR ENN EIT LÅGTERSKELTILTAK</b>	<b>80</b>
<b>7.4 VEGEN VIDARE</b>	<b>80</b>
<b>8 LITTERATURLISTE</b>	<b>82</b>
<b>9 VEDLEGG</b>	<b>86</b>
<b>9.1 VEDLEGG 1: NSD VURDERING</b>	<b>86</b>
<b>9.2 VEDLEGG 2: OBSERVASJONSGUIDE</b>	<b>88</b>
<b>9.3 VEDLEGG 3: INTERVJUGUIDE</b>	<b>89</b>
<b>9.4 VEDLEGG 4: INFORMASJONSSKRIV TIL INFORMANTANE</b>	<b>92</b>
<b>9.5 VEDLEGG 5: TIDSLINJE</b>	<b>97</b>

#### **FIGUROVERSIKT**

*Figur 1: Governancepartnerskap (Amdam og Bergem, 2008, s. 22)*

*Figur 2: Arnsteins deltakingsstige (Arnstein, 1969, s. 217).*

*Figur 3: The Ladder of participation (Hart, 2008, s. 22).*

*Figur 4: Pathways to Participation. (Shier, 2006, s. 17).*

*Figur 5: Den hermeneutiske spiral.*

#### **TABELLOVERSIKT**

*Tabell 1 : Multiaktørssystem som skiljer mellom government og governance.( Amdam og Bergem, 2008, s. 12).*

## 1 INNLEIING

Våren 2020 vart Noreg prega av koronapandemiens inntog. Torsdag 12. mars innførte regjeringa omfattande tiltak for å bekjempe viruset. «I dag kommer den norske regjeringen med de sterkeste og mest inngripende tiltakene vi har hatt i Norge i fredstid». Slik skildra statsminister Erna Solberg tiltaka som vart innførte denne dagen (Regjeringa ,2021). Frå mars 2020 presenterte nyhendene saker om grupper som mista tilboda dei tidlegare hadde hatt og velgjersorganisasjonar som allereie arbeida med sårbare grupper, fekk nye utfordringar å handtere. Ein av desse var Blå Kors Barnas Stasjon, ein organisasjon som står i ein historisk kontekst av utviklinga og betydninga av velgjersorganisasjonar og som har spelt ei viktig rolle for sårbare menneske både i kvardagar med og utan pandemiar.

Arbeidet med å endre problemskapande forhold i samfunnet, saman med å dekkje sårbare menneske sine grunnleggjande behov, kan strekkjast tilbake til sosiologen og samfunnsarbeidaren Jane Addams som hadde sitt virke i Chicago på slutten av 1800-talet (Hutchinson, 2010, s. 33). Hennar arbeid bygde på idéen om at dei som skulle arbeide med menneske med sosiale utfordringar skulle ta del i kvardagen til dei råka og saman søke å skape ei endring på dei utfordrande forholda (Hutchinson, 2010, s. 33). Denne internasjonale settlementrørsla til Addams etablerte seg også i Noreg med utspring i Norges Kristelige Studentforbund (Hutchinson, 2010, s. 34). Dette var ei tid der kristendommen og avhaldsrørsla prega organisasjonslivet i Noreg (Kjeldstadli, 2020).

Blå Kors sine røtter går tilbake til Sveits og året 1877 og i byrjinga var det totalavhald frå alkohol med Guds hjelp som var i fokus (Hamran, Hageberg og Laahne ,2006, s.16). Allereie i 1905 vart organisasjonen etablert i Noreg og stod som ein del av totalavhaldsrørsla (Hamran et al., 2006, s. 23 ). Etter 1950 hadde samfunnet endra seg i slik grad at Blå Kors såg behov for å gå breiare ut og byrja å gi fattige og menneske i naud si omsorg (Hamran et al., 2006, s.100). I dag står Blå Kors Barnas Stasjon som ein del av tilbodet der samarbeid mellom myndigheiter og ulike aktørar dannar ein viktig arena for yting av velferdstenester (Hutchinson, 2010, s. 49). Dette samarbeidet, partnerskapet, aktualiserer eit *governance* omgrep. *Governance* er nemninga på eit samarbeidssystem mellom aktørar frå ulike sektorar

(Hutchinson, 2010, s. 49). Omgrepet rommar ei anerkjenning av at ikkje alle utfordringar i velferdsstaten kan løysast av myndigheitene. Både borgarar, kommunar og lokalsamfunn må ta ansvar (Hutchinson, 2010, s. 50). Oppgåvene som Barnas Stasjon tar på seg er viktige og spelar ei rolle for dei det gjeldt. Dette kan vere oppgåver der dei offentlege tenestene kjem til kort.

Denne masteroppgåva er ein empirisk studie som skal undersøkje korleis dei tilsette i organisasjonen Barnas Stasjon har arbeida med sårbare familiar under koronapandemien. Studien tar sikte på å skape ei forståing av Barnas Stasjon sitt arbeid under ein pandemi, ved å ta utgangspunkt i dei tilsette i organisasjonen og få fram deira handlingar og meiningar. Analysen tar utgangspunkt i teoretikarar og teoriar relevante innan samfunnsarbeid, knytt til tema og omgrep som; nettverk og fellesskap, sosial kapital og deltaking. Temaa *governance* og samarbeid står fram som sentrale emne i analysen. Aktivitetane til Barnas Stasjon rommar ein større verdi enn å berre vere lågterskelaktivitetar. Difor vert det gjort rom for skildringar av dei ulike aktivitetane. Problemstillinga for studien er:

*Korleis arbeider dei tilsette i organisasjonen Barnas Stasjon med sårbare familiar under ein pandemi?*

Tema er formulert i desse forskingsspørsmåla:

- Korleis arbeider dei tilsette i Barnas Stasjon med å skape nettverk, deltaking og sosial kapital under ein pandemi?
- Korleis samarbeider Barnas Stasjon med andre instansar under ein pandemi?
- Kva utfordringar og moglegheiter gir pandemikonteksten for Barnas Stasjon sitt arbeid?

## 1.1 OPPGÅVAS UTGANGSPUNKT

Med oppvekst i ein familie som har klart seg med lite og med ein arbeidskvardag der eg har vore tett på sårbare born og deira familiar har eg fått eit engasjement for denne gruppa. Eg ønskja difor å konsentrere masteroppgåva mi rundt ein organisasjon som arbeider med sårbare familiar. Interessen for dette feltet vart ytterlegare aktualisert med pandemien sitt inntog våren 2020. Ei utfordring var opprettinga av kontakt med ein organisasjon som ikkje hadde stengt ned drifta og som til trass for koronapandemiens konsekvensar, hadde kapasitet til å kommunisere med meg. Barnas Stasjon reagerte positivt på min kontakt og eg valde raskt å konsentrere masteroppgåva mi rundt deira arbeid.

Ei avdeling av Blå Kors Barnas Stasjon på Vestlandet er det konkrete caset for den empiriske undersøkinga av korleis ein velgjerdorganisasjon i det norske sivilsamfunnet arbeider under ein pandemi og for å få ei empirisk forståing av nettverk, deltaking og sosial kapital. Samarbeidet mellom ulike aktørar gjer governanceomgrepet relevant. Omgrepa rommar eit band til kvarandre. Dei er knytt til kvarandre i den same veven og er sentrale perspektiv innan samfunnsarbeid som fagfelt. Undersøkinga tar sikte på ei teoretisk generalisering av og å skape ei heilskapleg forståing av Barnas Stasjon ved å studere dei tilsette sine handlingar og meiningar. Barnas Stasjon sitt arbeid med sårbare familiar er tett vevd saman med verdigrunlaget i samfunnsarbeid. Dei søker å støtte familiane på vegen mot ei positiv endring. Organisasjonen ønskjer å skape rom for deltaking og bygging av nettverk og sosial kapital. Det er interessant å sjå på organisasjonen sine arbeidsoppgåver, samarbeid med andre aktørar og korleis dei løyser dette i ein pandemi.

I samfunnsarbeid vert det arbeida med mobilisering av krefter og kollektiv bevisstgjerung er sentralt for både enkeltpersonar og for familieeininga (Hutchinson 2010, s. 13). I arbeid saman med dei det gjeld, styrking av deira handlingskompetanse og arbeid med forståinga av problema, vert den enkelte sine krefter styrka og mobilisert, saman med ei tru på at endringar kan skapast (Hutchinson, 2010, s. 14). Brasilianaren Paulo Freire erfarte gjennom ein barndom i fattigdom, at familiar i naud lever i ein fastlåst situasjon, utan moglegheiter til å forbetre sitt eige liv (Nordland, 1999, s.10). For Freire stod dialogen sterkt for å oppnå

kritisk medvit og for å klare å verkeleg forstå andre menneske var det naudsynt å lytte med hjartet ved å vise tillit, interesse og respekt (Ledwith, 2016, s. 52-57). Tankane om dialog og styrking og mobilisering av menneske i ein vanskeleg situasjon er relevant for det arbeidet Barnas Stasjon gjer.

Regjeringa sin strategi *Barn som lever i fattigdom 2015-2017* peikar på at samspelet mellom økonomiske, helsemessige og sosiale utfordringar over tid, forsterkar kvarandre og gir ein auka risiko for både fattigdom og marginalisering (Regjeringa, 2015-2017, s. 15).

Marginalisering omhandlar å vere sosialt ekskludert og mangle likeverdige moglegheiter, i tillegg til barrierar når det kjem til læring og deltaking, sosial likskap og rettfærd. Nokre grupper er særleg utsette og sårbare når det kjem til ekskludering og stigmatisering (Mowat, 2015, s. 457). Lite nettverk og einsamheit er dimensjonar ved slike oppvekstvilkår. Familiene Barnas Stasjon arbeider med kan ha desse samansette utfordringane.

Nokre innsatsområde i strategien omhandlar førebygging og styrking av utsette barnefamiliar, deltaking og inkludering og ansvars- og kompetansedeling mellom stat, kommune og frivillig sektor (Regjeringa, 2015- 2017, s. 16). Barnas Stasjon arbeider med denne gruppa av familiar og dei er ein del frivillig sektor. Strategien skildrar familierådgiving, ei aktiv fritid og førebygging som viktige faktorar for å sikre barn og unge gode oppvekstvilkår (Regjeringa, 2015-2017, s. 16). Ei tverrfagleg innsats mellom ulike faggrupper er viktig for å førebyggje at fattigdom går i arv og for å hindre fråfall og utanforskap. Eit godt samarbeid mellom frivillig og offentleg sektor vert peika på som eit sentralt verkemiddel (Regjeringa, 2015-2017, s. 16). I denne samanheng står kommunane fram som viktige for koordineringa «hos alle instansar som møter barn, unge og utsatte familier» (Regjeringa, 2015-2017, s.16). Det er interessant å sjå på korleis Barnas Stasjon som ein del av sivilsamfunnet har moglegheit til å bidra inn her under ein pandemi.

Sårbare familiar hadde utfordringar før pandemien råka. Risikoar knytt til deltaking var til stades og ulike organisasjonar arbeida med sårbare grupper. Stengingar av samfunnet og ulike smittevernstiltak og reglar var noko som måtte handterast. Barnehagar og skular vart

stengde saman med borns fritidsaktivitetar. Det var ei bekymring over at utsette born og unge ikkje vart godt nok ivaretatt (Utdanningsdirektoratet, 2020). I periodar forsvann delar av barnehagane og skulane sin kontrollfunksjon i samband med desse borna. Familiar med samansette utfordringar kan ha opplevd kvardagen som meir krevjande. På same tid skulle organisasjonsarbeidet gjennomførast. Korleis er det å imøtekome sårbare familiar i ei tid der frivillige ikkje kan nyttast, felles måltid ikkje kan nyttast saman, og arenaer for å treffast fell bort eller vert endra grunna smittevernstiltak? Det er behov for å undersøkje nærmare korleis tilsette i ein organisasjonen arbeidde og framleis arbeider med sårbare familiar under koronapandemien for å kunne dra lærdom mot framtidige utfordringar som kjem der hjelpetiltaka til denne gruppa må omstille seg raskt.

## 1.2 BARNAS STASJON

Blå Kors driv lågterskeltilbod og arbeider med førebyggjande tiltak. Dei arbeidar med vaksne, born og unge og driv behandling og oppfølging (Blå Kors a). Organisasjonen arbeider breiare i dag enn ved oppstarten på slutten av 1800-talet. Organisasjonen driv i dag med ulike behandlingstilbod, ikkje berre retta mot alkohol og rusbehandling, men mot arbeid og inkludering, butilbod, førebygging, heimlause, speleavhengigheit, rehabilitering og oppfølging, og relevant i denne samanheng; barn, unge og familiar (Blå Kors b).

Blå Kors Barnas Stasjon ønskjer å gi tryggleik og omsorg til både barn og vaksne. Deira fokus er å sikre born ei god utvikling, og samstundes styrke foreldra med kompetanse (Blå Kors d). Dei ønskjer å fungere som ein trygg base der foreldre får omsorg slik at dei kan fungere som ein god omsorgsperson trass i det dei har med seg av utfordringar (Blå Kors d). Familiene skal møtast med audmjukheit og respekt og dei skal støtte familiar som er i sårbare livssituasjonar. Familiene vert tilbydd eit opplegg som er tilpassa deira eigne behov. Barnas Stasjon arrangerer ulike aktivitetar og turar og dei gjer utstyr, klede og sko tilgjengeleg slik at det vert mogleg for borna å kunne delta på aktivitetar (Blå Kors d).

I denne studien er det ein Barnas Stasjon lokalisert på Vestlandet som står i fokus. Denne avdelinga vart offisielt etablert i 2019 og per februar 2021 består dei av ein leiar og to faste

tilsette. Dei har deltidstilsette og er i ein fase der dei skal tilsetje fleire. Avdelinga arbeider for å betre kvardagen til sårbare familiar, skape endring og støtte familiar til å bygge band og nettverk med andre. Barnas Stasjon møter både etnisk norske og familiar med anna språk og kultur. Arbeidet med etniske minoritetar er ikkje eit særskilt fokusområde i oppgåva, men informantane peikar på språklege barrierar som skapar av utfordringar. Dette kjem fram i analysen.

### 1.3 BAND TIL SAMFUNNSARBEID

Samfunnsarbeid som fagfelt rommar eit spekter av ulike teoriar, praksisar og dimensjonar. Eg vil her fokusere på nokre av dei aspekta som er relevant for dette forskingsprosjektet. I samfunnsarbeid er arbeidet retta mot å mobilisere krefter og mot å skape endring både på organisasjons-, -lokalsamfunns- og samfunnsnivå. Dei det vedkjem vert engasjerte i planlegginga av endringane (Hutchinson, 2010, s. 13). Dette er linjer som kan trekkjast tilbake til Jane Addams sitt arbeid med å skape betre forhold for menneska i industriområda i Chicago (Haberman, 1972). For Addams var eit menneske med vanskar eit symptom på noko var galt med samfunnet (Levin, 2004, s. 30). Det å mobilisere krafta hjå enkeltindividet og i gruppa og styrke handlingskompetansen deira, skaping av empowerment, står sentralt (Hutchinson, 2010, s. 13). Medverknad frå dei som er råka er viktig. Hutchinson skildrar dette slik; «Medvirkningens art kan kort oppsummeres til å være arbeid sammen med, istedenfor arbeid for eller med, de som er berørt» (2010, s. 13).

Å skape ei tru på at endring er mogleg, saman med ei styrking og mobilisering av individet sine krefter er sentrale faktorar i samfunnsarbeid (Hutchinson, 2010, s. 14). Barnas Stasjon arbeider for å skape endring både for individet og for heile familien. Dei ønskjer at individa sjølve skal klare å skape ei endring og dei presiserer at det er familiare som skal setje dei måla som dei ønskjer å arbeide mot. Måla kan omhandle å styrke samhandlinga mellom barn og vaksen eller skape eit nettverk for seg sjølv eller for borna sine. Barnas Stasjon arbeidar slik i samsvar med viktige ideal innan samfunnsarbeidfeltet.

Å byggje sosial kapital, fremje læring, aktiv deltaking og skape sosial inkludering er sentralt innan fagfeltet i dag (Hutchinson, 2010). Samfunnsarbeid vil bidra som ein hensiktsmessig arbeidsmåte i eit samfunn der myndighetene i auka grad samarbeider med ulike aktørar for å løyse velferdsoppgåver (Hutchinson, 2010, s. 49). Eit slikt samarbeidssystem, *governance*, rommar ei forståing av at velferdsstaten ikkje kan finne løysinga på alle utfordringar, men at både kommunane, dei ulike lokalsamfunna og borgarane som bur der, må ta eit større ansvar (Hutchinson, 2010, s. 50). Eg vil på bakgrunn av dette komme inn på Barnas Stasjon si rolle i sivilsamfunnet seinare i oppgåva.

#### 1.4 OPPGÅVAS OPPBYGNING

I det første kapittelet har eg gitt ein presentasjon av oppgåvas fagfelt, val av tema og ei kort innføring i Barnas Stasjon sitt arbeidsområde. Vidare vil eg gi ein presentasjon av kunnskapsstatus og forskning på feltet. Deretter vil eg leggje fram den teoretiske forankringa for studien; *governance*, deltaking, nettverk og fellesskap og sosial kapital, ut frå eit samfunnsarbeidsperspektiv. Metodekapittelet har eg søkt å strukturere etter metodane eg har nytta i datainnsamlinga; deltakande observasjon og kvalitativt forskingsintervju, samt ei vurdering av studiens datakvalitet og etiske vurderingar. Vidare kjem oppgåva sine empirikapittel; «*Barnas Stasjon: Varsam omsorg i aktivitetar og tiltak*» (kap. 5) og «*Barnas Stasjon: Samarbeidets moglegheiter*» (kap. 6), der eg søkjer å knytte resultatet frå datamaterialet saman med teori og forskning på feltet. I det avsluttande kapittelet vil eg gi nokre oppsummerande tankar om funna i studien, kva som har gått tapt og kva som er lært for arbeid med sårbare grupper under ein pandemi, og deretter søke å løfte blikket utover.



## 2 KUNNSKAPSSTATUS OG FORSKING PÅ FELTET

Som dei historiske linjene tilbake til Jane Addams viser, har både enkeltindivid og organisasjonar arbeida målretta med sårbare familiar også utan pandemiar som kontekst. Fattigdom er ein av utfordringane sårbare familiar kan streve med og eg ønskjer difor å gi rom til akkurat dette aspektet. Eg vil i dei neste delkapitla presentere forskning på korleis fattigdom påverkar menneske sine liv og korleis Covid-19 har påverka tenestetilbodet til sårbare born og familiar for å sjå kva kunnskap som føreligg på området og kvar det er kunnskapshol som bør tettast.

### 2.1 FOKUS PÅ SÅRBARE FAMILIAR OG BARNEFATTIGDOM I NOREG

Ein av regjeringa sine målsetjingar i strategien for *Barn som lever i fattigdom*, omhandlar «deltagelse og inkludering- fritid, kultur og idrett» (2015-2017, s. 15). Det å kunne delta på fritidsaktivitetar er av betydning for å ha ein god oppvekst. For born som veks opp i fattigdom kan det vere vanskeleg å delta i fellesskapet (Regjeringa, 2015-2017, s. 41). I arbeidet mot barnefattigdom påpeika Riksrevisjonen at det har blitt gjort for lite for at born som lever i fattigdom kan delta på sosiale arenaer. KS og frivillige organisasjonar fortalde om behov for eit bindeledd mellom dei frivillige organisasjonane og kommunane for å nå ut til dei utsette familiene slik at borna kan få moglegheit til å kunne delta (Regjeringa, 2015-2017, s. 73-74). Nettopp dette behovet for eit velfungerande bindeledd i ein vanleg kvardag, gjer fokus på rolla til frivillige organisasjonar særskilt relevant under ein pandemi.

### 2.2 MANGLANDE SOSIAL TRYGGLEIK

Økonomiske vanskar er utfordringar Barnas Stasjon møter, og det er difor interessant å sjå på Underlid sine undersøkingar innan dette feltet (Underlid,2008). Dette gir eit grunnlag for å få ei forståing av desse menneska sine krevjande kvardagar utan ein pandemi som kontekst. Underlid gjennomførte ein studie der han intervjuar menneske som hadde motteke økonomisk sosialhjelp. Informantane fortalde om kjensler av utryggleik, nervøsitet, redsel og uro med tanke på framtida si. Dei fortalde om ei rekkje opplevingar og materiell som dei ikkje hadde moglegheit til å ta seg råd til, som å kunne reise, gi borna sine lomme pengar, feire jul og bursdagar og det å ha ein fritidssysse. Dei opplevde «mangelfull sosial deltaking, sosial marginalisering og ekskludering» (Underlid, 2008, s. 215).

Den vanskelege økonomiske situasjonen ramma dei fattige si sosiale deltaking på mange område. Situasjonen kan verte meir krevjande i møtet med materiell og økonomisk overflod rundt seg (Underlid, 2008, s. 217). Det å leve utan tilstrekkeleg med pengar er ein utryggleiksfaktor. Mangelen på pengar fører til at det kan vere umogleg å delta og ha tilgang til aktivitetar og materielle godar, som for andre vert tatt for gitt (Underlid, 2008, s. 219-220).

## 2.2 PANDEMIENS PÅVERKNAD PÅ TENESTETILBODET TIL SÅRBARE BORN OG UNGE

Institutt for sosialt arbeid ved NTNU gjennomførte ei spørjeundersøking og ein litteraturstudie som resulterte i rapporten *Konsekvenser av covid-19 for tjenestetilbodet blant sårbare barn og unge*. Koronakommisjonen ønskja ein kunnskapsgjennomgang av kva konsekvensar smittevernstiltaka har hatt for sårbare born og unge (Kojan, Lichtwark, Moufack, Røkkum, Skrove & Ulfseth 2021, s. 3). Dei har undersøkt korleis denne gruppa har blitt råka av pandemien og dei tilhøyrande smittreduserande tiltaka (Kojan et al., 2021, s. 6).

Studien har gjennomgått fleire publikasjonar. Desse peikar mot at situasjonen for sårbare born og familiar har blitt forverra under pandemien (Kojan et al., 2021, s.6). Dei fleste studiane dokumenterer ei forverring for desse gruppene som følgje av sosial isolasjon, karantene og stengingar. Rapporten peikar vidare på kva som kjenneteiknar fleire av dei empiriske studiane dei har undersøkt;

De underbygger tesen om at pandemien medfører en kumulativ effekt på allerede belastende forhold i deres livssituasjon. Det innebærer at barn, unge og familier som har eller tidligere har hatt vanskelige oppvekstvilkår, rammes mest. (Kojan et al., 2021, s.6).

Familiar har kome i ein utsett situasjon grunna sosioøkonomiske forhold som tap av arbeid og inntekt, noko som vidare påverka familielivet negativt (Kojan et al., 2021, s. 6). Vidare vert det tydeleggjort at dei mest inngripande tiltaka i koronaperioden hadde påverknad på drifta

til dei ulike velferdstenestene. Samstundes ser forskarane at det ikkje føreligg forskingsbasert kunnskap frå ulike tenester kring dette emnet (Kojan et al. ,2021, s.6). Rapporten påpeikar at det bør undersøkjast vidare om velferdstenestene er rusta til å imøtekome dei påverknadane pandemien har på sårbare born og familiar (Kojan et al. ,2021, s. 7). Det er av betydning at velferdstenestene klarar å dra kunnskap ut av konsekvensane for denne gruppa slik at tenestene kan lære for framtida (Kojan et al. ,2021, s. 7).

I rapporten vert det gjennomgått 22 studiar som omhandlar ulike tenester som er knytt til sårbare born og unge. Desse peikar på at det i norsk kontekst har vore manglande og færre tenester retta mot denne gruppa under pandemien (Kojan et al., 2021, s. 37). Rapporten konkluderer med at tenestetilbodet har blitt hardt ramma og viser til samarbeid mellom ulike tenester for born og unge som forsvann (Kojan et al., 2021, s. 39). Rapporten peikar på manglande studiar på korleis enkelte velferdstenester har blitt påverka av pandemien (Kojan et al., 2021, s. 41). Det vert stilt spørsmålsteikn til om konsekvensane dei mest inngripande tiltaka har skapt av levekårsrelaterte og psykososiale kostandar, har fått mindre merksemd enn dei helsemessige gevinstane desse tiltaka har hatt for andre grupper i samfunnet under koronapandemien (Kojan et al., 2021, s. 47).

Sjølv om rapporten peikar på manglande studiar på korleis pandemien har påverka ulike velferdstenester, søker Lundberg, Danielsen og Vigsnes i artikkelen *Sosialfaglig arbeid i et nedstengt Norge- erfaringer fra et tiltak for lavinntektsfamilier*, å vise til nettopp dette. Her presenterer dei korleis koronapandemien har påverka utsette familiar og tenesteutøvarar knytt til tiltaket «Nye Mønstre-trygg oppvekst» (Lundberg, Danielsen & Vigsnes, 2020). Artikkelen viser korleis ei teneste har opplevd å utøve sosialt arbeid under ei krise og er difor interessant å ta med seg i denne samanheng. Felles for familiare i dette tiltaket er at dei lever under vedvarande låginntekt. Samstundes kan dei ha samansette utfordringar knytt til arbeidsløyse, lite nettverk eller fysiske og psykiske vanskar. Kvar av familiare skal saman med sin eigen familiekoordinator arbeide for å sikre eit stabilt oppvekstmiljø for borna, få betre helse og betre sin økonomiske situasjon (Lundberg, Danielsen & Vigsnes, 2020).

Artikkelen viser til datamateriale som seier noko om koordinatorane sitt arbeid og familiane sine opplevingar under koronapandemien (Lundberg, Danielsen & Vigsnes, 2020). Familiane opplevde at sosiale møtestader vart lagt ned og at dette skapte barrierar for å løyse utfordringane deira (Lundberg, Danielsen & Vigsnes, 2020). Familiekoordinatoren si rolle vart viktig då denne kunne fungere som rådgjevar og bidra til stabilitet og hjelp i kvardagen; å «bidra til normalitet i det unormale» (Lundberg, Danielsen & Vigsnes, 2020).

Familiekoordinatorane prioriterte kontakt med dei som strevde ekstra og dei skildra ei kjensle av å ha eit spesielt ansvar for familiane (Lundberg, Danielsen & Vigsnes, 2020).

Artikkelen peikar på korleis sosialt arbeid kan bidra med å motvirke dei negative konsekvensane som sosial distansering og isolasjon kan føre til ved å gi omsorg og både materiell og emosjonell støtte (Lundberg, Danielsen & Vigsnes, 2020).

Denne masteroppgåva søkjer å få fram korleis Barnas Stasjon har arbeida med sårbare familiar under koronapandemien. Dette er ein studie som kan bidra til auka innsikt i korleis ei slik type teneste har blitt påverka. Rapporten til NTNU peikar på manglande norske studiar som kan fortelje noko om korleis born og foreldre opplever spesifikke velferdstenester i denne perioden. Dette er ikkje tema i denne oppgåva, men det vil vere interessant å sjå meir forskning på dette i ettertid. Studien til forskarane ved NTNU og arbeidet til «Nye Mønstre» peikar på korleis kunnskapen om konsekvensar av handteringa av koronapandemien kan nyttast i framtidige strategiar slik at samfunnet kan imøtekome dei negative konsekvensane for sårbare og utsette born og familiar på best mogleg måte (Kojan et al., 2021, s. 46)(Lundberg, Danielsen & Vigsnes, 2020).

### 3 OPPGÅVAS TEORETISKE FORANKRING

I denne masteroppgåva er teori og teoretikarar innan samfunnsarbeid vektlagt. Studien skal undersøkje korleis dei tilsette i Barnas Stasjon har arbeida med sårbare familiar under koronapandemien. Som ein part i eit samarbeidssystem beståande av kommune og ulike offentlege og ideelle instansar vel eg å gå inn på *governance* omgrepet og kva det rommar. I denne samanheng vert fellesskap og nettverk viktig, både for Barnas Stasjon, men også vidare som eit mål familiare arbeider mot. I skapinga av nettverk kan bruer og band skapast og teori kring sosial kapital og deltaking er relevant for oppgåva. Dette er element som kan nyttast for å utdjupe analysen.

#### 3.1 GOVERNANCE

Amdam og Bergem skildrar omgrepet *governance* som eit partnerskap der samarbeidet mellom offentlig, privat og frivillig sektor er organisert (Amdam & Bergem, 2008, s. 6). I eit slikt partnerskap kan både fylkeskommune, kommunar, ulike organisasjonar og helseføretak vere aktørar (Amdam & Bergem, 2008, s. 9). Både folkehelsearbeid, nærmiljøarbeid og bygdeutvikling er døme på samfunnsutviklingsarbeid med fleire ulike aktørar der dei sit på kvar sine makt-, og ansvarsområde (Amdam & Bergem, 2008, s. 12). Amdam skildrar dette som eit *multiaktørssystem* med deltaking frå ulike sektorar og styringsnivå. Ved å nytte omgrepet *governance* for dette systemet kan det lagast eit skilje mellom *governance* og *government* slik som vist i tabell 1.

	<b>Government</b> Fordelingsregimet	<b>Governance</b> Utviklingsregimet
<i>Dominerende normer</i>	Fordeling Modernisering	Utvikling Konkurranseskraft
<i>Relasjonar mellom styringsnivå og mellom offentleg og privat sektor</i>	Hierarkisk Regelbasert tildeling, klientrelasjonar Mistillit/kontroll	Heterarkisk Avtalebasert tildeling, partnarskap Tillit/fridom
<i>Organisasjonsformer</i>	Forvaltande	Strategiske
<i>Avgjerdsprosedyrar</i>	Autoritetsbaserte	Netverksbaserte
<i>Planleggingsprosess</i>	Instrumentell Kommanderande	Kommunikativ Legitimerande

Tabell 1: Multiaktørssystem som skiljer mellom government og governance (Amdam & Bergem, 2008, s. 12).

I samfunnsstyringa og statsorganiseringa vert det hevda at det er danna eit skifte frå *government* til *governance*, altså frå eit fordelingsregime til eit utviklingsregime (Amdam & Bergem, 2008, s. 12). Amdam og Bergem på side hevdar at *governance* supplerer *government* og slik skapar ei todeling i samfunnsplanlegginga (2008, s. 12).

Governmentstrukturen i kommunar og organisasjonar visar seg i planar og tiltak.

Governancestrukturar i samfunnsplanlegginga kjem til uttrykk gjennom partnarskap mellom ulike aktørar. Døme kan vere lokale tiltak og samarbeid om ulike tenester (Amdam & Bergem, 2008, s. 13).

Bruken av *governance* gir eit signal om at velferdsstaten ikkje kan løyse alle utfordringar på eiga hand, men at både einskildindivid, kommunane og nærmiljøa må ta ansvar (Amdam & Bergem, 2008, s. 13). Difor må individ og samfunna sin handlingskapasitet styrkast saman med eit auka ansvar for utvikling (Amdam & Bergem, 2008, s. 13). I utviklingsregimet spelar difor dei ulike nettverka og partnarskapa viktige roller for samfunnsutviklingsarbeidet.

Aktørane må arbeide for å legitimere nettverka. Amdam og Bergem nyttar *god praksis* for å

skildre ein «kontinuerleg søking etter måtar å arbeide på som er godt tilpassa den aktuelle situasjonen, og som gir både god ressursnyting og som tilfredsstiller behov» (2008, s. 13).



Figur 1: Governancepartnerskap (Amdam & Bergem, 2008, s. 22).

Figuren viser at governancepartnerskap er eit samarbeid mellom aktørar som deler interesser og som ønskjer å arbeide saman for å fremje både samfunnets og egne interesser (Amdam & Bergem, 2008, s. 22). For å skape eit sterkt nettverk som kan gjennomføre ulike tiltak og handlingar, er det naudsynt med gjensidig tillit, disponering av pengar og at aktørane er underlagt demokratisk kontroll (Amdam & Bergem, 2008, s. 22).

### 3.2 NETTVERK OG FELLESSKAP

Omgrepet fellesskap rommar å høyre saman, å gjere noko saman og å halde saman (Tjora, 2018, s. 10). Eit fellesskap vert danna rundt den enkelte. Det kan vere vener, familie, enkeltpersonar og grupper. Desse fellesskapa deler noko saman som kan skildrast som verdiar, normer, språk, livsvilkår og rammer (Andresen, 2000, s. 21). Eit fellesskap kan beskrivast som ein sosial vev; «Et nettverk av sammenhenger der mennesker berører hverandre» (Andresen, 2000, s. 48). Å arbeide med nettverk kan omhandle å nyttiggjere dei

positive aspekta som kan liggje i det sosiale nettverket til ein person som har det vanskeleg og samstundes utvikle dei sosiale samanhengane individet har (Andresen, 2000, s. 49). Det er naudsynt å få fram individet si eiga forståing og oppleving av sine utfordringar. Ved å bli frårøva sin medverknad vert verdigheita borte. Dialog står fram som tilnæringsmåten som kan få til denne samhandlinga (Andresen, 2000, s. 23-24).

Freire framheva dialogen som viktig mellom dei som trenger hjelp og dei som skal hjelpe (1999). Folk si eiga livsverd vert viktig saman med å sjå individa sine eigne moglegheiter og påverknad over eige liv. Hjelparane representerer ein systemverden som skal vere med å betre menneske si livsverd (Andresen, 2000, s. 53). Å nytte ein nettverksorientert arbeidsmåte kan gi både moglegheiter og utfordringar i denne samheng. Arbeidet kan gi dei tilsette opplevingar av identitet, solidaritet og meining samstundes som skiljet mellom det profesjonelle og det personlege kan viskast meir ut (Andresen, 2000, s. 53).

Å arbeide med å danne fellesskap og nettverk i grupper med menneske som deler nokre av dei same utfordringane, kan vere eit utgangspunkt for å motarbeide marginaliserande eller stigmatiserande prosessar (Andresen, 2000, s. 55). Erving Goffman forklarar; «we believe the person with a stigma is not quite human. On this assumption we exercise varieties of discrimination, through which we effectively, if often unthinkingly, reduce his life chances» (Goffman, 1963, s. 15). Denne karakteriseringa av marginaliserte viser ein sosial distanse mellom «dei andre» og «oss» (Lister, 2004, s. 124). I eit gruppefellesskap kan det dannast moglegheiter for både førebyggjande arbeid og for integrering (Andresen, 2000, s. 55). Integrering omhandlar å inngå i eit fellesskap og utvikle moglegheiter for å klare å vere ein del av ein slik heilskap (Andresen, 2000, s. 131). Både i førebyggjande arbeid og i endringsarbeid må målet vere å «utvikle evnen til å forstå egen situasjon, evnen til å mobilisere egne og fellesskapets ressurser og til å kunne se problemer i en meningsfylt samheng» (Andresen 2000, s. 56). Kjensla av å vere ein del av ein heilskap er viktig.

Å arbeide for å utvide eller endre nokon sitt sosiale nettverk kan vere av stor betydning for å skape ei forbetring av enkeltindividet eller ein familie sitt liv (Andresen, 2000, s. 132). Det



kan skiljast mellom to ulike formar for arbeid som skal støtte utviklinga av sosiale nettverk; *Prosessmodell for sosialt nettverksarbeid* der heile det sosiale nettverket deltek og *Nettverksarbeid som miljøarbeid* der den tilsette har ansvaret for å drive prosessen og skal bidra til å forbetre eller utvide det sosiale nettverket for nokon som ønskjer det (Gundersen & Moynahan, 1995, s.13-15). Ut frå denne modellen kan den tilsette sjåast på som ein katalysator (Hutchinson, 2010, s. 141).

### 3.3 SOSIAL KAPITAL

Sivilsamfunnet kan fungere både som ein ekskluderande og inkluderande tilretteleggjar for deltaking og på denne måten vert sosial kapital og skaping av nettverk basert på tillit viktig (Ødegård et.al. ,2014, s. 9). Putnam sine skildringar av dei to formane for kapital *samanbindande* (bonding) og *brubbyggjande* (bridging) er relevante for å skape ei forståing av sivilsamfunnet som arena der nettverk kan skapast (Ødegård, Loga, Steen-Johnsen & Ravneberg, 2014, s. 9). Putnam meiner at stader med sterke sosiale nettverk og ei brei rekkevidde av frivillige organisasjonar har mindre kriminalitet, betre helse og auka utdanningsgrad i befolkninga (Twelvetrees, 2017, s. 31). Putnam sine tankar gir ein grunnleggjande for kvifor det er positivt å styrke sosiale nettverk og fremje lokale frivillige organisasjonar (Twelvetrees, 2017, s. 31). Putnam sine skildringar av to dimensjonar av sosial kapital viser til at *bonding* som sosial kapital vil underbygge gjensidigheita mellom menneske og mobilisere solidaritet (Putnam, 2000, s. 22). Dette vil være nettverk der menneske som har det vanskeleg vil få avgjerande sosial og psykologisk støtte (Putnam, 2000, s. 22). *Bridging* refererer Putnam til som tilgang til egedeler og informasjon. Slik vil *bonding* som sosial kapital vere godt for å «getting by» , medan *bridging* som sosial kapital vil vere avgjerande for å «getting ahead» (Putnam, 2000, s. 23).


Å auke menneske sin sosiale kapital er eit verkemiddel som kan bidra til å auke handlingsevna og vidare evna til problemløysing (Hutchinson, 2010, s. 21). Hutchinson skildrar kjerna i teoriar kring sosial kapital som at sterke, sosiale nettverk mellom menneske, både gjennom formelle organisasjonar og i meir uformelle sosiale samanbindingar, skapar samarbeid og tillit mellom borgarane i eit samfunn (2010, s. 22). «Nettverkene fører dermed til økt samfunnsengasjement og økt evne til kollektiv handling» (Hutchinson, 2010, s. 22).

Sosial kapital kan skildrast som ein viktig føresetnad for sosial integrasjon (Hutchinson, 2010, s. 22). Kontakt mellom menneske kan skapast gjennom samfunnsarbeid og bidra til ei auke av sosial kapital i tillegg til ein verdi som ressurs for samfunnet (Hutchinson, 2010, s. 22). For Putnam utelukka ikkje den eina kapitalforma den andre. Tvert i mot er det ein viktig føresetnad for å skape tillit og relasjonsbygging på tvers, at nettverk både er samanbindande og brubyggjande (Ødegård et.al., 2014, s. 9).

### 3.4 A LADDER OF CITIZEN PARTICIPATION

Arnstein hadde det amerikanske samfunnet som kontekst då ho gjorde seg refleksjonar kring deltaking. Ho kopla deltaking til makt og hevda at «citizen participation is citizen power» (Arnstein, 1969, s. 216). Det trengs ei omfordeling av makt for at ekskluderte borgarar skal verte inkluderte. Arnstein skildra skilnaden mellom ei slags falsk deltaking som ikkje hender, og den deltakinga som verkeleg kan påverke ein prosess (1969, s. 216). For å kunne analysere utfordringar med deltaking laga ho ein illustrasjon med åtte nivå, ordna i ein stige.

Trinn 1 *Manipulation* og 2 *Therapy* skildrar eit nivå av ikkje-deltaking. Her får ikkje individ delta, men vert heller kurert, eller utdanna. Trinn 3 og 4, *Informing* og *Consultation*, er nivå av tokenisme der deltakarane ikkje har makt til å la sine synspunkt føre til endring. Nivå 5 *Placation* er eit høgare nivå av tokenisme der deltakarane kan kome med råd, men likevel ikkje har makt til å bestemme. På nivå 6 *Partnership*, kan deltakarane vere med å forhandle. På nivå 7 *Delegated power* og nivå 8 *Citizen control*, kan sårbare innbyggjarar, få fleirtalet i beslutningsprosessar eller makt til å lede (Arnstein, 1969,s. 217).




Figur 2: Arnsteins deltakingsstige (Arnstein, 1969, s.217).

Arnstein framhevar at stigen er ei forenkling og ikkje viser barrierane for å oppnå deltaking. Ho viser til døme frå det amerikanske samfunnet for å illustrere dei ulike stega på sigen.

### 3.5 THE LADDER OF PARTICIPATION

For å sjå nærmare på born si deltaking og korleis ein organisasjon som arbeider med sårbare familiar legg til rette for det kan det vere nyttig å gå vidare inn på Harts illustrasjon av åtte nivå av born og unge si deltaking. «The Ladder» som metafor har han nytta frå Arnstein sin illustrasjon (Hart, 2008, s.19-22). Harts utgangspunkt var ønsket om kritisk refleksjon og dialog rundt arbeid med barns deltaking og stigen kunne brukast som ein illustrasjon for å få dette til (2008, s.21-22).

Det var ikkje meininga at stigen skal vise til ei rekkjefølgje av nivå som skal klatrast i, trinn for trinn. Meininga var å illustrere dei ulike gradane av korleis vaksne og institusjonar gjer det mogleg for born og unge å delta (Hart,2008). Ved å nytte stigen kan ein undersøkje korleis born si deltaking er lagt til rette for og gjort mogleg. Det er ønskjeleg at barn skal kjenne at dei har sjølvtilitt og kompetanse til å delta og engasjere seg, samstundes som dei ikkje skal føle at dei «må» i alle samanhengar (Hart, 2008).




Figur 3: The Ladder of Participation (Hart, 2008, s.22).

Hart argumenterer for at vaksne må erkjenne det potensialet barn har som medborgarar og at det må gjerast mogleg for born å delta på deira eige nivå. Han legg vekt på at det er viktig å invitere med dei som vert påverka av ei sak (Hart, 2008, s.24).

### 3.6. STIAR MOT DELTAKING

I artikkelen *Pathways to Participation Revisited: Nicaragua Perspective*, drar Shier linjene tilbake til artikkelen *Children and Society* der han presenterte eit rammeverk han kalla *Pathways to Participation* (Shier, 2006, s. 14). Shier trur på eit høgare nivå av deltaking, der born og unge har ei ikkje-tokenistisk rolle i beslutningsprosessar, men derimot ei ekte og reell rolle, noko som vil vere verdifullt både for borna sjølve og for lokalsamfunnet (2006, s. 15). Det er naudsynt at borna opplever ei auka kjensle av eigarskap, tilhøyre og forplikting, auka sjølvtilit, empati og auka sosialt ansvar (2006, s.15). Forholdet mellom lærar og elev vert skildra som eit partnarskap, og slik ein trussel mot den tradisjonelle lærarautoriteten (Shier, 2006, s. 16). Shier understrekar at han har ei tru på at å gi born og unge si stemme vil vere med på å skape forbetringar (2006, s. 16).



Figur 4: Pathways to Participation (Shier, 2006, s. 17).

Diagrammet er eit praktisk planleggings og evalueringsverktøy som kan nyttast i ulike samanhengar der vaksne arbeider med born (2006, s. 16). Hensikta er å støtte vaksne med å identifisere og forbetre nivået av borns deltaking (Shier, 2006, s. 16). Meininga er at dei vaksne skal kunne nytte diagrammet for å kunne vurdere kvar dei står og vidare reflektere over kvar dei ønskjer å kome, og kva dei må gjere for å kome dit (Shier, 2006. s. 16).

Svara som vert gitt på spørsmåla i diagrammet kan nyttast til å identifisere noverande praksis og kva som vil vere dei neste trinna for å auke deltakingsnivået (Shier, 2006 s. 16). Borna må ikkje pressast til å delta på måtar eller nivå som ikkje passar deira utvikling og

forståing. Det vil vere hensiktsmessig for born og unge å dele på makt, ansvar og avgjersler og vidare få støtte til å ta avgjerder i eit støttande miljø (Shier, 2006, s. 18).

Kritikarar meiner at denne modellen og Hart sin stige pressar dei som arbeidar med modellane til å bevege seg frå dei lågare nivåa til dei høgare og at eit slikt stige-konsept inneberer at høgare nivå er betre enn dei lågare og at det er toppen som er målet. Shier derimot meiner at ulike nivå av deltaking vil vere passande under ulike forhold (2006, s. 18). Han samanliknar bruken av ein stige i det verkelege liv, der vi nokre gonger berre skal eit trinn opp for å kunne arbeide i riktig høgde for den jobben vi skal gjere. Shier søker å synleggjere forholdet mellom ulike nivå av deltaking og slik bidra til eit system som kan nyttiggjerast for å reflektere over fordelar og eventuelle risikoar ved å bevege seg opp eit trinn (Shier, 2006, s.18).

## 4 METODE

I dette kvalitative forskingsstudiet har eg undersøkt Barnas Stasjon sitt arbeid med sårbare familiar under koronapandemien. Eg har ønska å innhente kunnskap for å kunne dykke inn i danning av nettverk og fellesskap, deltaking og skaping av sosial kapital for sårbare familiar under ein pandemi. I møtet med feltet og datamaterialet erfarte eg at Barnas Stasjon er ein del av eit større nettverk. Eg valde difor å ta governanceomgrepet inn som eit viktig element i analysen. Det er dei tilsette i organisasjonen sine perspektiv som er i fokus saman med observasjon av arbeidet.

Eg har tatt i bruk fleire metodar for å svare på problemstillinga; *Korleis arbeider dei tilsette i organisasjonen Barnas Stasjon med sårbare familiar under ein pandemi?* Ved å belyse problemstillinga ved hjelp av ein kombinasjon av ulike data og metodar ønskjer eg å få fram ulike synspunkt og synsvinklar (Grønmo, s. 2004, s. 67). Metodetriangulering gir moglegheit for teorimangfald, der fenomenet som skal undersøkjast kan forståast i lys av fleire ulike teoretiske perspektiv (Grønmo, 2004, s. 68). Teori kring deltaking og sosial kapital står i fokus saman med perspektiv på *governance*, fellesskap og nettverk. Ved å bruke metodane deltakande observasjon og kvalitative, semistrukturerte intervju har hensikta vore å få fram tilstrekkeleg datamateriale for tolking og analyse og få knytt dette til passande teori. Dialogen med Barnas Stasjon gjennom koronapandemien er ein del av studien sin empiri. Slik vonar eg også å styrke tillita til valet av metode og til analyseresultatet (Grønmo, 2004, s. 69).

Eg vil først gå inn på nokre grunnleggjande aspekt ved hermeneutikk som vitskapsteoretisk forankring for å skape ei ramme for metodane som er nytta. Deretter vil eg gå inn på intervju og deltakande observasjon som metode. Deltakande observasjon vart nytta for å kunne oppdage og få fram korleis Barnas Stasjon arbeida under koronapandemien, korleis dei låg til rette for deltaking, danning av nettverk og sosial kapital. Deltakande observasjonen skulle leggje eit grunnlag for gjennomføringa av intervju, slik at spørsmåla kunne spissast inn på ein slik måte at datamaterialet vart mest mogleg relevant. Intervjua skulle søke å få fram dei tilsette sine erfaringar og opplevingar av arbeidet sitt under pandemien.

#### 4.1 Å FORSKJE I EIN OMSKIFTELEG SMITTEVERNSKONTEKST


Opphavleg skulle datainnsamlinga starte før jul 2020. Utfordringar med stengingar grunna korona og klarering frå NSD forhindra dette. Etter avtale med organisasjonen vart det difor avgjort at datainnsamlinga skulle starte måndag 4. januar 2021. Sundag 3. januar kom det nye smittevernstiltak som gjorde feltarbeid umogleg, då organisasjonen stansa gjennomføring av aktivitetar. Etter kvart vart det mogleg å gjennomføre eit tidleg intervju i januar, før det vart gjennomførleg med noko feltarbeid mellom ny stenging av kommunar på Vestlandet. Det vil vere viktig å få fram i analysen dei utfordringane og komplikasjonane det får for fleire partar når ein organisasjon må omstrukturere og stenge ned aktivitetane sine heilt eller delvis. Intervjua skulle finne stad etter at observasjonane var gjennomførte, men då nye restriksjonar kom vart det naudsynt å forlenge feltarbeidet for å få observert flest mogleg aktivitetar. Dette for å få eit grundig og innhaldsrikt datamateriale.

#### 4.2 VITENSKAPSTEORETISK FORANKRING: HERMENEUTIKK

Ulike fenomen kan skildrast som meningsfulle. Det vil seie at dei uttrykkjer ei meining eller at dei har ei betydning (Gilje & Grimen, 1995, s. 142). Meininga her ligg i menneskelege aktivitetar og i resultatane av aktivitetane. For å kunne forstå meningsfulle fenomen, må dei fortolkast. I hermeneutikk søker ein å klargjere fortolking og forståing og korleis dette er mogleg å få til (Gilje & Grimen, 1995, s. 143). I dette forskingsprosjektet består datamaterialet av meningsfulle handlingar og munnlege ytringar. Det informantane belyser omhandlar meningsfulle fenomen og fortolkingsprosessen er difor viktig i søken etter forståing av datamaterialet (Gilje & Grimen, 1995, s. 144).



Eg søker å forstå og fortolke noko som allereie er fortolkningar (Gilje & Grimen, 1995, s. 145). Observasjonane og informantane sine handlingar, saman med deira fortolkningar og forståing av seg sjølv, av andre og av arbeidet sitt, dannar grunnlaget for korleis eg tolkar og forstår datamaterialet. Giddens skildrar ein *dobbel hermeneutikk* der forskaren må forhalda seg til dei sosiale aktørane sine skildringar og oppfatningar (Gilje & Grimen, 1995, s. 146). Samstundes skal forskaren nytte teoretiske omgrep og samfunnsvitskapleg språk for å rekonstruere aktørane sine fortolkningar. Eg har nytta den hermeneutiske spiral til å bruke mi førforståing til å tolke informantane sine ytringar og handlingar. Vidare har eg knytt denne tolkinga til teori og tidlegare forskning.



Figur 5: Den hermeneutiske spiral.

#### 4.3 DELTAKANDE OBSERVASJON

I deltakande observasjon vert forskaren med deltakarane på deira arenaer. Dette stiller særlege omsyn til å delta i informantane si samhandling og samstundes observere og studere dei (Fangen & Sellerberg, 2008, s. 38). I dette forskingsprosjektet var det deltakarane i ein organisasjon og deira arrangerte aktivitetar som skulle følgjast. Observasjon av aktivitetane dei gjennomførte er ein del av datainnsamlinga og rolla mi var å vere både deltakar og observatør.

Ein moglegheit i deltakande observasjon er å vere til stades når deltakarane utfører relevante aktivitetar for det miljøet eller organisasjonen dei er ein del av (Fangen & Sellerberg, 2008, s. 37). Omgrepet «deltakande» rommar at forskaren kan ta del i den sosiale samhandlinga som går føre seg. Å snakke med deltakarane og tilpasse seg situasjonane gjer

at forskaren ikkje verkar som eit forstyrrende element (Fangen & Sellerberg, 2008, s. 37). Som forskar vart eg kjend med deltakarane. Eg stod i ein situasjon der eg kunne verte kjenslemessig engasjert i dei menneska eg studerte og kjensla av å ikkje høyre til og vere ein framand i miljøet, gjorde seg gjeldande (Fangen & Sellerberg, 2008, s. 37). Det vart relevant for meg å ta del i dei førebuingane dei tilsette hadde før ein aktivitet, i tillegg til å delta i sjølve gjennomføringa. Det var då viktig å ta del i den sosiale samhandlinga på ein måte som ikkje forstyrra eller virka støytande på familiane som deltok.

Perioden observasjonane føregjekk vart lengre enn planlagt grunna stengingar og smittevernstiltak. Etter kvar aktivitet skreiv eg feltnotat med utgangspunkt i observasjonsguiden (Sjå vedlegg 2). Desse notata hadde ei fast oppskrift med ulike punkter som eg ønskja å vere mest mogleg merksam på.

#### 4.3.1 FØREBUING TIL DATAINNSAMLINGA

Under deltakande observasjon veit ikkje forskaren på førehand kva utfordringar og situasjonar som kan oppstå (Fangen & Sellerberg, 2008, s. 37). Difor var det viktig å gjere seg refleksjonar over kva som kunne skje, og kva som var ønskjeleg å fokusere på under observasjonen. Det var aktivitetane som skulle vere i fokus saman med dei tilsette sine førebuingar. Observasjonane kunne gi meg innsikt i fleire aspekt og utfordringar som kunne gi meg vidare innspel til intervju.

Tilgang til feltet fekk eg gjennom kontakt med aktuelle organisasjonar hausten 2020. Eg opplevde at utfordringar knytt til korona gjorde det krevjande for organisasjonar å bruke tid på ein masterstudent. Barnas Stasjon sin leiar var ein av dei som uttrykte at førespurnaden min var av interesse. Leiaren klarerte vidare med Barnas Stasjon nasjonalt at det var greitt med ei involvering frå mi side. Eg fekk tidleg i gang jamleg kommunikasjon og fekk møte leiar og ein tilsett hausten 2020. Eg fekk då ei omvising på Barnas Stasjon, ei kort innføring i organisasjonen sin historikk og i deira arbeid. Kommunikasjonen haldt fram gjennom hausten og vinteren 2020.

#### 4.3.2 GJENNOMFØRING AV DELTAKANDE OBSERVASJON

Observasjon av førebuingar og gjennomføring av aktivitetane utgjer ein del av datamaterialet. Stenging og smittevernomsyn gjorde at aktivitetar i periodar måtte avlysast eller utførast på ein annan måte. Eit døme var matlagingsaktivitetar der færre personar kunne delta. Dette gjorde at det ikkje var plass til å prioritere meg som utanforståande då det var viktig å prioritere familiane. Nokre aktivitetar vart flytta utandørs for å gjere gjennomføring mogleg. Førebuingane til aktivitetane kunne eg delta på. Dei gjekk føre seg inne i på Barnas Stasjon, med to til tre tilsette til stades.

Kokk og le gruppe med vaksne og familiemiddagar var ikkje mogleg for meg å observere grunna smittevernomsyn. Andre aktivitetar vart avlyste grunna korona. Døme på dette var middagar i Bergen, tur på Fløyen, Byvandring for vaksne, småbarnstreff og kompiskveldar for ungdom. Nokre aktivitetar vart ikkje gjennomførte grunna få eller ingen påmeldte.

##### 4.3.2.1 FELTNOTAT

Registreringa av datamaterialet etter observasjonane vart gjort ved å nytte feltnotat. Dette utgjer datamaterialet til observasjonane (Grønmo, 2004, s. 162). Grønmo framhevar tre ulike formar for feltnotat; *observasjonsnotat*, *analytiske notat* og *metodologiske notat* (2004, s. 162). I observasjonsdelen prøvde eg å få fram ei beskriving av kva eg såg og høyrde under aktivitetane. Den analytiske delen vart nytta til å kome med mine substansielle analyser med vurderingar og fortolkingar av det som vart observert, i tillegg til samanheng mellom det observerte og dei ulike teoretiske perspektiva knytt til nettverk, sosial kapital og deltaking. I dei metodologiske notata fekk eg fram vurderingar og drøfting av mine strategiar og framgangsmåtar. Her nytta eg plass til refleksjonar kring mi rolle som forskar og korleis mitt nærvær kunne påverke både informantar og familiane til stades.

For å ikkje forstyrre aktiviteten eller miste konsentrasjon og fokus, nytta eg ikkje tida under observasjonane til å skrive feltnotata. I etterkant nytta eg rundt to timar på å ferdigstille eit notat.

#### 4.4 KVALITATIVE FORSKINGSINTERVJU

Kvale og Brinkmann beskriver målet for det kvalitative forskningsintervjuet slik; «å forstå verden sett frå intervjupersonenes side» (2015, s. 20). Det er verdifullt å få fram menneske sine opplevingar og erfaringar for å kunne skape meining og forståing kring eit emne (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 20). Med eit hermeneutisk tankesett som bakteppe stod det semistrukturerte intervjuet fram som relevant då det er informantane sine meiningar og deira beskrivingar av eit fenomen som eg ønskja å få fram og fortolke (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 156). Det var dei tilsette sine eigne opplevingar av å arbeide med sårbare familiar under ein pandemi eg ønskja å få fram meir informasjon om.

Planen var å gjennomføre intervjua med informantane i etterkant av observasjonane. Då ny stenging kom i byrjinga av januar 2021 vart eg tilbydd å gjennomføre eit intervju. Det vart som ei erstatning for at det ikkje var mogleg å gjennomføre observasjonar i eit stengt felt. Då det igjen vart raudt nivå og restriksjonar for fleire kommunar på Vestlandet, valde eg å gjennomføre fleire intervju parallelt med gjennomførbare observasjonar og i staden prioritere fleire observasjonar då restriksjonane letta.

##### 4.4.1 UTFORMING AV INTERVJUGUIDE

Intervjuguiden skal skissere korleis intervjuet skal gjennomførast og leggje føringar for kva emne som skal takast opp (Grønmo, 2004, s. 168). Den skal fungere som eit utgangspunkt for samtalen med informanten. Guiden må difor vere så spesifikk og omfattande at forskaren klarar å innhente den informasjonen som er relevant (Grønmo, 2004, s. 168). Samstundes kan ikkje intervjuguiden vere for kompleks og detaljert, då den skal fungere som eit fleksibelt verktøy (Grønmo, 2004, s. 168). Undervegs kan det verte naudsynt å endre og revurdere kva informasjon det er behov for (Grønmo, 2004, s. 169). Det var verdifullt å nytte tid på utforminga av guiden. Det tidlege intervjuet gjorde at nye moment kom fram og vart naudsynte å omsyn til.

Eg valde å gjennomføre semistrukturerte intervju. Intervjuguiden (Sjå vedlegg 3) arbeida eg vidare med undervegs i feltarbeidet for å få den så passande til dei tema og spørsmåla eg

meinte var relevante å fokusere på. Tema var informasjon om arbeidsoppgåver, aktivitetar, samarbeid med frivillige og instansar, prioriteringar, utfordringar, kontakt med familiane, tilrettelegging og barrierar, erfaringar og lærdom. Eg var fokusert på å stille oppfølgingsspørsmål der det kunne vere av interesse. Leiar fekk litt andre spørsmål, då informanten har vore med på oppstarten av avdelinga, og sit på ein del bakgrunnsinformasjon som kunne vere relevant.

I forskingsprosessar kan det dukke opp utfordringar som det vil vere aktuelt å reflektere over og det vil skapast eit spelarom for den vurderingsevna og dømmekrafta eg som forskar har (Grimen, 2004, s. 248). Det kan vere at fenomenet som vert studert endrar seg (Grimen, 2004, s. 248). I dette tilfellet var fenomenet som vart studert i stadig endring.

Arbeidssituasjonen til dei tilsette endra seg gjennom heile koronapandemien. Difor har det vore viktig å prøve å få fram informantane sine tankar og erfaringar gjennom heile perioden frå våren 2020 og til våren 2021. Dette stiller krav til refleksjonar kring korleis få fram det som har skjedd på best mogleg måte, utan at eg påverka informantane. Eg erfarte at intervjuguiden måtte reviderast undervegs i datainnsamlinga, grunna informasjon som kom fram i første intervju, og med bakgrunn i observasjonane. Eg utforma ei tidlinje (Sjå vedlegg 5) som låg framme under intervjuet for å gjere det lettare for informantane å sjå tilbake til oppstarten og utviklinga av koronapandemien.

#### 4.4.2 UTVAL TIL INTERVJU

Utvalet til intervjuet var avgrensa til dei tre tilsette på Barnas Stasjon. Utvalet gjekk føre seg ved sjølvseleksjon då dei tilsette takka ja til å delta etter invitasjon (Grønmo, 2004, s. 115). Før gjennomføringa av datainnsamlinga vart prosjektet presentert for leiaren. Informasjonen vart formidla vidare og dei takka ja til å delta i studien. Meir formell informasjon og invitasjon til deltaking fekk dei gjennom informasjonsskriv (Sjå vedlegg 4).

I arbeidet med å finne ein organisasjon som ønskja å delta i studien var fokuset på å finne ein organisasjon som passa til formålet og ikkje på talet tilsette i organisasjonen. Sjølv om dette er ei avdeling med få tilsette var eg heldig med at alle dei potensielle deltakarane

takka ja i rekrutteringsprosessen. Ei slik utveljing kan gi moglegheiter for å få deltakarar som sit på mykje informasjon i tillegg til evna til å formidle den (Grønmo, 2004, s. 115).

#### 4.4.3. GJENNOMFØRING AV INTERVJU

Gjennomføring av intervju vart både gjort i forkant og mellom gjennomføring av observasjonar. På grunn av tiltaka i januar 2021 vart dei planlagde aktivitetane avlyst. Eg fekk tilbod om å kome og snakke med ein av dei tilsette slik at eg kunne få eit innblikk i situasjonen slik dei opplevde den «her og no». Då samtalen skulle gjennomførast viste det seg at det var med to tilsette. Eg opplevde at dei utfylte kvarandre i svara og slik fekk fram fleire synspunkt og synsvinklar. Det kan beskrivast som at dei spelte på kvarandre. Intervjuet gav meg gode innspel til fokus under observasjonane og korleis dei individuelle intervju seinare kunne utførast på ein endå meir hensiktsmessig måte.

Då utvalet bestod av få personar ønska eg å gjere rom for individuelle intervju slik at alle informantane skulle få fram sine eigne tankar og opplevingar. Ved å nytte ein til ein intervju vona eg å få fram dei ulike aktørane, dei ulike rollene dei har og slik få fram fleire synvinklar. Eg ønska å få fram deira personlege meiningar og erfaringar utan at dei vart farga av kvarandre. Intervjua vart gjennomførte i Barnas Stasjon sine lokalar.

I byrjinga erfarte eg at intervjuprosessen var ukjent og krevjande. Å intervju er noko eg har lite erfaring med, sjølv om eg i lærarsamanheng er vane til samtale og dialog. Det tidlege intervjuet gav nyttig kunnskap til intervjuprosessen vidare. Erfaringa gav meg innsikt i å la informantane få god tid til å svare og å vere fokusert på å lytte slik at eg kunne stille gode oppfølgingsspørsmål. Dei opplysningane som kom fram gav meg meir innsikt i kva som kunne vere fokus under observasjonane og kva eg ønska å stille spørsmål om seinare.

#### 4.5 ANALYSE AV DATAMATERIALET

I analysen av datamaterialet hadde eg med meg teoriar innan samfunnsarbeid. Både deltaking, sosial kapital og perspektiv kring *governance* og nettverk var relevant. Dette er

omgrep som står fram som sentrale fokusområde i Barnas Stasjon sitt arbeid. I analysen valde eg å fokusere på aktivitetane og samarbeida i ulike nettverk. Aktivitetane framheva sentrale målsetjingar til Barnas Stasjon og samarbeidet med andre aktørar stod fram som eit viktig område i organisasjonen sin kvardag. Forholdet mellom Barnas Stasjon og Bergen kommune dukka opp som ein interessant dimensjon i analysen, men grunna mangel på plass har eg vald å ikkje gå inn på dette temaet.

For å analysere datamaterialet ønska eg å kategorisere innhaldet som hadde kome fram i datainnsamlinga. Å kode er ei form for dataanalyse der forskaren lesar gjennom materialet og deretter koder relevante avsnitt (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 226). Slik er det mogleg å strukturere og få oversikt over datamaterialet. Open koding er «den prosessen der man bryter ned, undersøker, sammenligner, konseptualiserer og kategoriserer data» (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 226). Før datainnsamlinga tok til hadde eg funne dei temaa som skulle nyttast til empirikapitel. Desse hang saman med korleis intervju og observasjonsguiden var utforma. I arbeidet med analysen gjekk eg gjennom observasjonsnotata og transkriberingane og markerte med ulike fargekodar hendingar og utsegn som var passande for temaa. Det var relevant å sjå etter informasjon knytt til Barnas Stasjon som fellesskap og arena for nettverksbygging, deltaking og sosial kapital.

Det er ønskeleg at den empiriske analysen skal vere teoretisk generaliserbar. Det vil seie at ein systematisk vurderer gyldigheitsområdet for analyseresultata (Grønmo, 2004, s. 284). Spørsmålet vert om analyseresultata kan generaliserast og har ein meir generell gyldigheit eller om resultatane berre gjeldt denne eininga og konteksten. For at teoretisk generalisering skal vere mogleg må dei empiriske analyseresultata drøftast i samanheng med teori og resultat frå anna forskning (Grønmo, 2004, s. 285). Generaliseringa i denne studien kan underbyggast med teoriar innanfor samfunnsarbeid, då særleg perspektiv på governance, deltaking, sosial kapital teori og refleksjonar knytt til nettverk. Forsking, figurar og tabellar som omhandlar desse teoriane vert nytta til å teoretisk generalisere resultatane.

Det kan hevdast at eit kvalitativt forskingsprosjekt av denne typen er lite eigna til å kunne generalisere. Det er få einingar og for mange variablar til å kunne krevje statistisk representativitet (Grimen, 2004, s. 249). Samstundes er det heller ikkje målet. Det kan vere mogleg å oppnå ein slags «sosiologisk representativitet» (Grimen, 2004, s. 249). Det vil seie at dei skildringane som kjem fram vil vere «*gjennkjennbare* for andre i samme type situasjon» (Grimen, 2004, s. 249). Det kan vere mogleg å danne eit forståeleg bilete som andre kan kjenne seg igjen i (Grimen, 2004, s. 249). Ulike kriterium kan nyttast for å vurdere eit kvalitativt forskingsprosjekt. Desse omhandlar at forskinga skal kunne gi eit samsvarande bilete av til dømes ein organisasjon eller ein aktivitet (Grimen, 2004, s. 250). Det må vere likskap mellom det forskaren ønskjer å vise og datamaterialet. Det må kritisk vurderast om det er for lite samsvar mellom datamaterialet og forskaren si fortolking (Grimen, 2004, s.250). På same tid skal heilskapen av det forskaren formidlar vere sosiologisk representativt på den måten at det er truverdig og forståeleg. Prosjektet må gi andre moglegheit til å følgje opp punkter til vidare undersøkingar (Grimen, 2004, s. 250).

#### 4.6 VURDERING AV DATAKVALITET: RELIABILITET OG VALIDITET

For å kunne undersøkje kvaliteten på datamaterialet, må ein sjå på kva materialet skal nyttast til, altså kva problemstilling datamaterialet ønskjer å belyse (Grønmo, 2004, s. 237). Eit teikn på eit datamateriale som innehar høg kvalitet er at det er velegna til å belyse den aktuelle problemstillinga (Grønmo, 2004, s. 237). Dei to viktigaste kriteria for å vurdere kvaliteten på datamaterialet er reliabilitet og validitet (Grønmo, 2004, s. 237). Reliabilitet viser til datamaterialets pålitsgrad. Reliabiliteten er høgare ved større samsvar mellom fleire datainnsamlingar der same opplegg er nytta for å undersøkje dei same fenomen (Grønmo, 2004, s. 240-241). Validitet viser til datamaterialets gyldigheit for den aktuelle problemstillinga som skal undersøkjast. Det vil seie at ein høg validitet viser til at det faktiske datamaterialet samsvarer med dei intensjonar forskaren har (Grønmo, 2004, s. 241).

##### 4.6.1 VURDERING AV RELIABILITET I KVALITATIVE STUDIER

Reliabiliteten må vurderast grundig og kritisk (Grønmo, 2004, s. 244). Dei ulike delane i undersøkinga og datamaterialet bør drøftast systematisk. For å vurdere realibiliteten kan stabilitet og ekvivalens undersøkjast (Grønmo, 2004, s. 244). Stabiliteten til



undersøkingsopplegget vert kalla for test-retest-metoden. Dette kan vere utfordrande å gjennomføre når det gjeld observasjon og utspørjing då manglande stabilitet kan skyldast endringar i dei faktiske forholda. Det er difor viktig å leggje vekt på samanlikning av test- og retest data som med stort sannsyn kan seiast å vere stabile (Grønmo, 2004, s. 245). Gjennom deltakande observasjon ved fleire ulike aktivitetar kunne dei same aktørane observerast i tilnærma like situasjonar. Samstundes var nokre faktorar, som familiane som var til stades, ulike frå gong til gong. For å sikre studiens stabilitet vil det difor vere nyttig å gjennomføre observasjonar ved eit anna høve.

Grunna avgrensingar i tid har det vore for utfordrande å gjenta intervjuar med dei same informantane. Dette kan gjennomførast i etterkant for å sikre studiens stabilitet. Ved å nytte intervjuguiden eg har utforma kan andre forskarar gjennomføre intervjuar med dei same informantane. Samstundes kan ikkje ein anna forskar utføre eit fleksibelt undersøkingsopplegg med dei same oppfølgingsspørsmåla og med samhandlinga som allereie er gjennomført. Det kan difor seiast at det kan vere utfordrande å nytte stabilitet som vurdering av ein slik kvalitativ studies reliabilitet.

Reliabiliteten kan vurderast i form av ekvivalens. Då samanliknar ein datamateriale som er basert på same type opplegg, men som er samla inn av andre (Grønmo, 2004, s. 243). Eg har nytta ulike studiar og litteratur for å samanlikne og diskutere desse i samband med funna. Sett i lys av pandemiens inntog og påverknad både på det norske og det internasjonale samfunnet, har dette vore eit aktuelt tema i forskingsmiljøa. Slik er det framleis og det er forventa at det kjem forskning som vil vere aktuelt for denne studien.

#### 4.6.2 VURDERING AV VALIDITET I KVALITATIVE STUDIER

Validitetsomgrepet famnar over fleire aspekt ved både datainnsamlinga og datamaterialet (Grønmo, 2004, s. 251). Omgrepet kan skiljast i fleire typar for å få fram ulike kriterar for vurdering av validitet (Grønmo, 2004, s. 251). I ein kvalitativ studie er kompetansevaliditet, kommunikativ validitet og pragmatisk validitet aktuelle for å kunne vurdere datakvaliteten

(Grønmo, 2004, s. 251-257). I denne sammenheng vektlegg eg kompetansevaliditet og kommunikativ validitet.

Kompetansevaliditet omhandlar kompetansen forskaren har til å samle inn datamateriale og omhandlar både erfaringar, kvalifikasjonar og føresetnader (Grønmo, 2004, s. 254). Eg kan ikkje vise til erfaring med å innhente kvalitative data i ein forskingsprosess. Samstundes omhandlar kompetansevaliditet at innsamlinga vert gjennomført på ein fleksibel måte og at opplegget vert justert eller revidert dersom det kan styrke validiteten (Grønmo, 2004, s. 255). I denne datainnsamlinga var det heilt naudsynt å kunne vere fleksibel og kunne revidere opplegget undervegs grunna gjentatte stengingar og avlysingar.

Under kompetansevaliditet er det eit aspekt som omhandlar forskaren si kompetanse knytt til kjeldene og det empiriske feltet. Det er av betydning at forskaren klarar å danne ein god relasjon til kjeldene for å få fram den informasjonen som er viktigast for studiens problemstilling. Det er av betydning at forskaren klarar å samle inn informasjonen og teoretisk tolke denne (Grønmo, 2004, s. 255). Det kan hevdast at nokre aspekt ved denne typen validitet spelte ei rolle under datainnsamlinga. Det var av betydning å tidleg få ein god og tett dialog med informantane og då nye restriksjonar kom var det lettare å halde på kommunikasjonen vidare og vere fleksibel og finne alternativ i datainnsamlinga.

Den kommunikative validiteten omhandlar diskusjonar mellom forskaren og andre aktuelle personar om korleis datamaterialet heng saman med problemstillinga (Grønmo, 2004, s. 255). Ved å nytte slike drøftingar kan ein få fram moglege utfordringar og problem ved datamaterialet eller ein kan kome til konklusjonar om at validiteten er tilfredsstillande (Grønmo, 2004, s. 255). Personopplysningar har ikkje vore emne i desse diskusjonane.

#### 4.7 ETISKE VURDERINGAR

Barnas Stasjon arbeider med sårbare familiar med samansette utfordringar. Det var difor naudsynt å ta særskilte etiske vurderingar både på førehand og undervegs i

forskningsprosessen. Eg hadde ingen kunnskap om eller tilknytning til verken Barnas Stasjon som organisasjon eller lokalsamfunnet dei er ein del av. Det var klare fordelar med denne avstanden. Utan nærleik til staden kunne eg møte familiane og informantane med opent blikk og slik møte dei utan eigne, fastlåste meiningar.

Det var særskilt viktig å understreke den teieplikta eg har og den teieplikta dei tilsette har for å beskytte familiane. Det vart understreka i både informasjonsskriv (Sjå vedlegg 4) og i søknad til NSD at det ikkje var familiane som skulle vere i fokus. Eg måtte tenkje over korleis spørsmål skulle formulerast slik at det ikkje skulle kome fram sårbar informasjon. I informasjonsskrivet vart deltakarane informerte om kva det innebar for dei å delta, at det var frivillig og at dei kunne trekkje samtykket dersom ønskjeleg. Eit informert samtykke sikrar at informantane deltek frivillig (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 104). I informasjonsskrivet vart det understreka at opplysningane skulle behandlast konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Før datainnsamlinga tok til arbeida eg med ei prosjektskisse som gav oversikt over prosjektets tema, problemstilling, val av metode, aktuell teori og ulike etiske vurderingar. I søknaden til NSD låg eg ved intervjuguide, observasjonsguide, samtykkeskjema og informasjonsskrivet. For å få prosjektet godkjent kravde det ein tett dialog med NSD. Dei var oppteken av familiane si rolle i studien. Eg argumenterte for at det var dei tilsette som skulle vere i fokus. Vidare vart det naudsynt for meg å understreke at informantane ville verte minna på teieplikt og oppfordra til å snakke generelt. Dette vart understreka både i intervjuguide og i informasjonsskrivet. Samstundes var det viktig for meg å argumentere for viktigheita av å kunne gjennomføre deltakande observasjon for å få tydeleggjort korleis lågterskeltiltak vert gjennomførte under ein pandemi. Observasjonane og feltnotata var retta mot praksisane rundt aktivitetane og ikkje mot familiane som deltok. Eg understreka at ingen personopplysningar om familiane skulle noterast ned.

#### 4.7.1 ETISKE VURDERINGAR UNDER DELTAKANDE OBSERVASJON OG I INTERVJUPROSESSEN

I gjennomføringa av deltakande observasjon veksle eg mellom å delta på førebuingane, vere delaktig under gjennomføringa av aktivitetane, og stå meir på sidelinja. Ved å vere med på førebuingane vart eg meir kjent med informantane. Det var ikkje utfordrande å føre samtalar med dei og tonen kunne veksle mellom alvor og spøk. Ved å samhandle slik trur eg gjorde det enklare for informantane at eg var med under aktivitetane. Eg var då ikkje ein ukjend som skulle stå og vurdere dei. I dialogane på førehand hadde eg vist meir av meg som person og dette vart kanskje ein tryggleik inn i gjennomføringa av intervjuet.

Ujamne maktforhold kan framhevast som ei mogleg utfordring i det kvalitative forskingsintervjuet. I ein intervjusituasjon er det eit asymmetrisk maktforhold då det ikkje er ein samtale mellom to likestilte partar (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 51). Intervjuaren set premissane for temaet, spørsmåla, oppfølgingsspørsmål og sjølv avslutninga av samtalen (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 52). Eg opplevde ikkje intervjuet som einvegssamtalar. Samstundes veit eg ikkje korleis informantane opplevde det. Det var relevant å få intervjuet til å flyte meir som samtalar der dialogen gjekk lett, sjølv om det var eg som sat premissane for spørsmåla og temaet. For å jamne ut eit potensielt asymmetrisk maktforhold prøvde eg å få fram at det var informantane som sat med kunnskapen og informasjonen om emnet.

Eit anna aspekt ved eit asymmetrisk maktforhold er at intervjuaren sit med makta til å fortolke svara (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 52). Frå eit etisk perspektiv var det viktig å bruke tid på å utvikle intervjuguiden slik at informantane skulle føle seg frie til å seie det dei ønska og samstundes få fram datamateriale som skulle gi svar på problemstillinga. Ved å nytte tida ved førebuingane og ved aktivitetane til å verte meir kjende vona eg at samtalane skulle gå føre seg på ein slik måte at informantane kunne kjenne seg trygge til å snakke fritt. Eg opplevde at informantane delte både positive og negative erfaringar og at eg i mindre grad måtte føre ordet.

For å ta omsyn til dei etiske aspekta var det naudsynt å innhente samtykke og sikre informantane sin anonymitet. I informasjonsskrivet formulerte eg rettane til informantane. I notata etter intervju og før transkriberinga vart personlege data anonymiserte og konfidensialiteten tatt omsyn til (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 97). Eg erstatta namna til informantane med ein kode og i sjølve masteroppgåva har dei fått fiktive namn. Eg har ikkje spurt informantane om personopplysningar. Likevel er det med det avgrensa talet på informantar mogleg at dei kan kjenne att seg sjølve ut frå direkte sitat. For å gjere datamaterialet mest mogleg anonymt har eg skrive alle sitata på nynorsk, utan å ta omsyn til dialekter. Intervjua vart tatt opp med bandopptakar og på slutten av kvart intervju fekk informanten moglegheit til å tilføre informasjon. Opptaka vart sletta etter overføring til forskingsserver.

For Barnas Stasjon var det på førehand viktig å sikre sine tilsette og familiare dei arbeider med. For å få samarbeide med dei var det naudsynt å leggje fram politiattest. Dette må alle med relasjon til organisasjonen framvise. I tillegg ønskja dei at teiepliktserklæring vart underskriven. Dette er også dokumentasjon dei krev frå frivillige som dei samarbeider med.

## 5 BARNAS STASJON: VARSAM OMSORG I AKTIVITETAR OG TILTAK

Barnas Stasjon skildrar seg sjølv som eit lågterskeltilbod der dei som ønskjer det kan ta kontakt, utan tilvising (Blå Kors E). Informantane skildrar eit arbeid som skal gjere det mogleg for familiare å finne krefter til å sjølv løyse sine utfordringane. Det er eit ønske om at familiare skal klare å gjere åleine, det dei har gjort saman. Aktivitetane og dei individuelle tiltaka kan saman utgjere middelet for å oppnå måla til familiare. I det forsiktige, subtile arbeidet i gjennomføringa av aktivitetane, er det dette dei tilsette søker å få til. I dette arbeidet skaper pandemien både barrierar, men også moglegheiter.

I analysen av datamaterialet har eg fokusert på korleis dei tilsette i Barnas Stasjon arbeider for å imøtekome barna, dei vaksne og familiare som heilskap sine behov med koronapandemien sin påverknad på arbeidet som gjennomgåande tråd i kapittelet.

### 5.1 ORGANISERING OG GJENNOMFØRING AV GRUPPEAKTIVITETAR

Barnas Stasjon ønskjer å leggje til rette for aktivitetar som skal vere moglege for familiare å gjennomføre, også på eiga hand. I aktivitetane ligg eit potensiale om læring, meistring og moglegheiter til å dra refleksjonar vidare inn i individuelt arbeid.

Eg vil på bakgrunn av observasjonar og intervju gi ei skildring av nokre av aktivitetane Barnas Stasjon har arrangert under pandemien og korleis pandemien har påverka arbeidet. Koplingar til samfunnsarbeid og teori knytt til nettverk, sosial kapital og deltaking kjem inn her.



### 5.1.2. TUR I NÆRMILJØET: AKEBAKKEN

Etter ein del snøfall inviterte Barnas Stasjon familiar til å vere med i ein akebakke i lokalmiljøet. Tilbodet skulle vere eit lågterskeltilbod. Aktiviteten var gratis og familiane fekk servert mat som dei tilsette hadde laga til på førehand. På kjøkkenet på stasjonen koka dei suppe på termos og pakka ned innpakka snacks til dessert for å unngå potensiell smitte. Tilkomsten til staden var anvendeleg, med parkering for dei som disponerer bil, og busshaldeplass i nærleiken. Ein tur i akebakken set krav til varme klede og sko og det krev tilgang til akebrett. Anna fortel at dei har gitt tilbod til familiane om at dei kan ta med akebrett dersom det er behov, det er ikkje alle som har utstyr. Dei tilsette har med sitjeunderlag og hovudlykt dersom nokon i familiane har lyst til å bruke det.

#### 5.1.2.1 UTANFORSKAP ELLER EIN DEL AV DEN SAME VEVEN?

I førebuingane til aktiviteten snakkar dei tilsette saman om kven som kjem og kva som er viktig for den enkelte familie. Anna fortel at aktivitetane er viktige som ein arena der familiane kan danne seg nettverk. Ho ser på kontakten familiane får med andre, at det å treffe andre sosialt, har ein verdi. Ein slik sosial arena kan gi familiane eit motstykke til kjensla av utanforskap, ekskludering og stigmatisering (Mowat, 2015, s. 457). For informantane er det viktig å halde på kontakten med familiane og oppfordre dei til å kome på aktivitetane slik at dei kan ta del i fellesskapet der.

I akebakken leiker barna. Dei treffer andre barn som dei pratar med. Nokre samlar seg rundt bålet. Dei vaksne i familiane snakkar med partnaren sin, borna sine og med dei tilsette i Barnas Stasjon. Medlemmane i dei ulike familiane kommuniserer lite med kvarandre og Anna fortel at dei ikkje har møtt kvarandre før. Familiane snakkar ulike språk. Aktiviteten har som mål at familiane skal vere sosiale, samhandle med kvarandre og skape nettverk. Det ligg nokre felles livsvilkår og rammer som dannar nettverk og fellesskap i lys av å vere deltakar på ein aktivitet saman med andre (Andresen, 2000, s. 48). Familiane er i same «sosiale veven» (Andresen, 2000, s. 48) i form av å dele utfordringar og å nytte Barnas Stasjon som eit tilbod som skal støtte dei til å nyttiggjere seg av dei positive aspekta som kan liggje i å dele sosiale nettverk. Samstundes vert det tydeleg at det eksisterer nokre barrierar som gjer nettverksdanning utfordrande og det verkar som aktiviteten ikkje nødvendigvis skaper

nettverk eller band på tvers av familiane. Språklege barrierar, og at familiane ikkje kjenner kvarandre spelar inn. Andre aktivitetar viser at når familiane etter kvart vert kjende så aukar samhandlinga og fellesskapet vidare ut på andre arenaer.

I akebakken kommuniserer familiane med dei tilsette og dei tilsette leiker og pratar med barna. Anna spør dei vaksne i ein familie om dei har planar for vinterferien. Ho fortel vidare om kva Barnas Stasjon planlegg av aktivitetar den veka. Ho uttrykkjer indirekte at ho ønskjer at familien vurderer tilboda. Informantane nyttar aktivitetane til å samtale med familiane. I fellesskapa som vert skapt ute kan informantane finne moglegheiter for førebyggjande arbeid og arbeide mot at familiane vert ein del av fellesskapet (Andresen, 2000, s. 131). Ved at det er lite folk på stasjonen og dermed mindre moglegheit til å møtes meiner Anna at det vert få arenaer der familiane kan verte kjende med kvarandre. Koronapandemien gjer slik moglegheitene for fellesskap færre. Ho meiner at etter kvart som det vert mogleg å møtes, vert familiane tryggare på kvarandre og kan dermed bruke kvarandre meir. Anna viser til at dei som har blitt kjende på matlagingsaktiviteter trekkjer mot kvarandre også på aktivitetar ute. «Vi får litt meir av den at dei kjenner kvarandre igjen og får fleire arenaer der dei kan vere trygge saman». Ho peikar på at det vert skapt relasjonar, omsorg for kvarandre og samarbeid. Ein slik prosess der det sosiale nettverket vert utvida eller endra til det betre vil ha ein betydning for enkeltindividua og familiane sine liv (Andresen, 2000, s. 132-133).

#### *5.1.2.2 DIALOG OG DISTANSE*

Informantane fortel om utfordringar knytt til å halde aktivitetar ute. Dette er eit tiltak for å imøtekome smittevernsreglar samstundes som det då vert mogleg for familiar å treffe andre og slik skape nettverk. Det å halde avstand er i utgangspunktet lettare ute, men samstundes er det ikkje berre enkelt. Under aktiviteten i akebakken heldt familiane og dei tilsette avstand til kvarandre i deler av tida. Under utdeling av mat, leik i snøen og i samtaler, vert avstanden mindre. Det framstår som utfordrande å ha fortrulege samtalar med distanse til kvarandre. I dialogane krympar avstanden. I akebakken tar Anna mest styring av dialogen med familiane. Ho har tett relasjon til dei og stiller fortrulege spørsmål. Ho nyttar aktiviteten til å snakke med familiane om det som opptar dei. Ho snakkar om kvardagslege tema og tar opp emne som viser at ho hugsar samtalar dei har hatt før. Anna er lyttande og viser respekt.



Ved å vise ei audmjuk haldning, interesse og tru på dei ho snakkar med kan dialogen skape tillit (Freire, 1970, s. 75). Den varsame måten dei arbeider på skapar eit fundament for det arbeidet Barnas Stasjon gjer og for at familiane skal nå måla sine.

Ein vaksen tar kontakt med Anna for å snakke om ein aktivitet som dei ønskjer å vite meir om. Anna fortel at grunna endringar i koronasituasjonen kan ho ikkje svare på om aktiviteten går som planlagt, nye planar kan kome dag for dag. Anna fortel at Barnas Stasjon skal fungere som eit forutsigbart og trygt haldepunkt for familiane, men i ei tid der aktivitetar skal organiserast i samsvar med smittevernsreglar og stengingar, så kjenner ho ikkje at Barnas Stasjon fungerer slik. Dei kan ikkje gi familiar som spør sikre svar på kva som går som planlagt. Sjølv om Barnas Stasjon skal vere eit lågterskeltilbod kjenner informantane at det er utfordrande å ikkje kunne leggje sikre planar for familiar som dei meiner treng tryggleik, struktur og kontinuitet i kvardagen sin.

#### 5.1.2.3 SOSIAL STØTTE I DET KVARDAGSLEGE

I Akebakken er familiane ein del av same *community*, der dei er ein del av det same fellesskapet, deltar på same aktivitet og har med seg ein ryggsekk av opplevingar som har vore utfordrande (Ungar, 2011, s. 1742). Dei tilsette møter familiane med openheit, smil, positive ord, dialog om kvardagslege samtaleemne samstundes som det er rom for at dei vaksne i familiane tar opp ting dei bekymrar seg over. Informantane er varsame i møtet med familiane. Dei tilsette framstår som lyttande og tilbyr familiane slik det motsette av det Freire kallar ei bank-oppfatning av undervisning der familiane berre skal fyllast med kunnskap som dei tilsette innehar (1999, s. 54-55). Samstundes opplever informantane at det eksisterer barrierar som gjer at familiar ikkje nyttar seg av tilboda, eller avlyser. Informantane peikar på at lokasjonen til Barnas Stasjon krevjar bruk av kollektiv transport dersom familiane ikkje disponerer bil. Dette gjer at dei som strevar med angst ikkje kjem, då terskelen for å bruke buss vert for høg. For å imøtekome desse behova prøver informantane å leggje til rette for at aktivitetane som skal gå føre seg ute vert gjennomført i nærområda slik at det er lettare å kome. Ved å leggje til rette for at familiane i størst mogleg grad skal kunne nytte seg av aktivitetane, gir stasjonen ei sosial støtte som kan gjere kvardagen lettare (Ungar, 2011, s. 1742).

#### 5.1.2.4 LÅGTERSKEAKTIVITET- Å VERE EIN DELTAKAR I FELLESSKAPET

Angst for å nytte kollektivtilbod og redsle for smitte gjer seg gjeldande på fleire måtar. Informantane fortel at dei må bruke tid på å få kontakt med familiane og for å få dei til å delta. Familiane har samansette utfordringar og den bagasjen enkelte har kan gjere deltaking utfordrande. Dei tilsette bruker aktivitetane til å ha samtalar med familiane og dei ulike familiemedlemmane. Dei samtalar om aktivitetar som kjem og pratar om organiseringa av desse. Dei nyttar anledninga i akebakken til å snakke om eit tur på fjellet der det vert moglegheiter for å ake og lære seg å stå på ski.

I ein offentleg akebakke er familiane som ein vanleg familie i mengda. Nokre av barna vert kjende med barn frå lokalområdet som er i akebakken denne ettermiddagen. Barna pratar og ler saman og utveksler telefonnummer på slutten av aktiviteten. Aktiviteten skaper kontakt og band med andre (Putnam, 2000, s. 22). Dei er saman med andre og sjølv om dei er ukjente, er dei ein del av fellesskapet. På denne måten skapar ein enkelt, lågterskelaktivitet, både fellesskap og deltaking (Henriksbø og Sudmann, 2011). For sårbare grupper som kan kjenne seg marginaliserte på andre arenaer, vert det her skapt ein arena både skaping av sosial kapital og deltaking. Dei vert ein del av noko større, sjølv om aktiviteten i seg sjølv er eit enkelt lågterskeltiltak.

#### 5.1.3 TUR PÅ SKØYTEISEN

Etter ein periode med vedvarande kulde inviterte Barnas Stasjon familiar til å vere med å gå på skøyter. Aktiviteten gav dei tilsette moglegheit til å samle fleire familiar utan at smittevernsomsyna danna for store hindringar. I vatnet var det ein liten holme der dei tilsette laga bål og dei hadde med seg posar med pizzabollar til kvar familie. Ved at familiane fekk utdelt kvar sin pose med mat vart det lettare for familiane å handtere maten sjølv og slik ta omsyn til smittevernet. I gjennomføringa framstår det som om familiane og informantane kjenner kvarandre. Dei tilsette brukar namna på både dei vaksne og på barna. Dei stiller spørsmål, tar opp samtaleemne dei har hatt før og viser interesse. Ved å verte tatt inn i samtalane kan borna vert gitt kjensler av å høyre til fellesskapet og at dei har ei stemme som vert lytta til (Shier, 2006, s. 15).

Informantane opplevde at familiar avlyste. Informantane uttrykkjer at det er vanskeleg å vite kvifor. Det kan vere faktorar ved både lokasjonen og faktorar ved den enkelte familie som spelar inn. Kulden og mangel på klede og utstyr gjere seg gjeldande som ei barriere for at familiar ikkje deltek. Lokasjonen krevjar eit viss form for busstilbod og for dei familiane som ikkje disponerer bil kan dette vere ei barriere for deltaking. Anna fortel at dette kan vere ei utfordring for dei som opplever kollektivtransport som barriere grunna smittevernstiltak og eigne utfordringar som til dømes angst.

Samstundes kan smittevernstiltaka vere med på å skape tryggleik. Det at dei tilsette møter familiane med munnbind i døra, viser at dei overheldt smittevernsreglane med å halde avstand og kan gjere at terskelen for å komme attende for enkelte kan verte lågare. I planlegginga og gjennomføringa av aktivitetane ute vart smittevernsreglane diskutert og tatt omsyn til. Dette hadde ein påverknad på korleis informantane kjente på arbeidet då dei fortel at redsel for smitte ute var mindre enn ved samlingar inne.

På skøyteisen vart det prat kring ny stenging og komplikasjonar det førte til for bornas gjennomføring av karneval. En forelder mangla karnevalsklede til barnet sitt. Anna fortel at dei har utkledningsklede på lageret og at den vaksne kan ta med barnet sitt der etter aktiviteten og velje seg eit kostyme. Forelderen viser tillit til informanten ved å ta opp mangelen av utstyr for barnet sitt. Responsen frå forelderen viste at tilbodet frå informanten vart oppfatta som verdifull (Ungar, 2011, s. 1743). Gjennom dialog, tillit og respekt for kvarandre klarte informanten å imøtekome det familien trengte på ein meningsfull måte samstundes som familien hadde kapasitet til å få tilgang på dei ressursane som Barnas Stasjon gjorde tilgjengeleg (Ungar, 2011, s. 1743).

#### *5.1.3.2 SMITTEVERNREGLAR- EIT DILEMMA OPPSTÅR*

I gjennomføringa av aktivitetane oppstår det eit dilemma knytt til omsynet til smittevernsreglane. Aktivitetane vart gjennomførte ute for å kunne halde avstand og for å få flest mogleg familiar til å delta. Samstundes krev nettverksbygging, deltaking og skaping av sosial kapital dialog, samhandling og ein viss form for nærleik og kontakt. Det er gjennom

dialogen ein viser tillit, respekt og audmjukheit, og kan gjere familiane i stand til å ta del i prosessen mot vidare utvikling (Freire, 1970, s. 64). Dette krev ein form for nærleik. Dette gjeld når dei tilsette og borna samhandlar med kvarandre og dei tilsette viser interesse for barna gjennom leik og støtte på isen. I gjennomføringa av aktivitetane ønskjer dei tilsette å følgje reglane og ta omsyn til smittevern. Samstundes gjer dei menneskelege aspekta seg gjeldande og gjer at å ivareta reglane vert utfordrande. Avstanden og reglane pandemien dannar skaper barrierar for skaping av nærleik, dialog og samhandling. Er dialogen og moglegheitene den gir meir verd enn omsynet til smittevern?

Å følgje smittevernsreglane kan på eine sida gi moglegheiter for gjennomføringa av aktivitetar, men samstundes skape barrierar. Aktivitetane skaper ei kjensle av utryggleik når det gjeld smitte mellom dei tilsette og familiane. Caroline fortel at det er fullt mogleg å klare å ikkje vere lenge tett på nokon, men fortel samstundes at; «men i løpet av dei femten minuttane kan det ha skjedd noko, ja folk snakkar og det spruter og ned på bordet så tar eg på det sant». Vidare fortel informanten at det er ikkje mogleg å kjenne seg heilt trygg utan at det hadde skapt ein form for avstand mellom dei tilsette og familiane. «Nei då må vi gå med munnbind heile tida og...då skaper vi avstand og ... vi har sagt at vi bruker munnbind når vi opnar døra». Informantane uttrykkjer at avstand gjer noko med samhandlinga og dialogen med familiane. Ved aktivitetane ute, som på skøyteisen og i akebakken, lagar dei bål og tar med mat til familiane. I desse situasjonane vert avstand krevjande. Dei tilsette nyttar desse anledningane til å skape relasjonar og arbeide mot måla til familiane. Det krevjar ei viss form for nærleik. Kanskje er det greitt at eit lågterskeltilbod prioriterer smittevernreglane framfor omsynet til nærleik og dialog. Men då reiser spørsmålet seg om Barnas Stasjon fungerer som eit lågterskeltiltak eller om dei er noko meir.

#### *5.1.3.4 FELLESSKAPET PÅ SKØYTEISEN*

For å leggje til rette for at flest mogleg av familiane ønskjer å kome på aktivitetane har Barnas Stasjon gjort nokre grep. Dei har på førehand skrive aktiviteten inn på månadsplanen som dei delar ut til alle familiane. Månadsplanen er tilgjengeleg på Facebook, og dei har den utstilt på plakat utanfor lokala sine. På førehand har ein informant vore på BUA og lånt

skøyter i ulike størrelser slik at alle barna har mulighet til å prøve seg på isen. Dei har vore i den lokale nærbutikken og fått låne bruskarer som dei yngste barna kan bruke som støtte. På isen denne dagen er det mange frå lokalmiljøet til stades. At barna får ha det same utstyret som dei andre på isen kan gjere noko med kjenslene til familiane, det kan skape ei kjensle av å vere ein del av fellesskapet og av ein heilskap (Andresen, 2000). Ein familie som var på isen tar kontakt med ein av familiane som var der i regi av Barnas Stasjon og spør om dei har lyst å vere med dei på isen igjen dagen etter. Anna er til stades og seier at dei gjerne kan få ha skøytene med seg heim slik at dei kan bruke dei neste dag også.

Måltidet og samlinga rundt båla gir moglegheiter og rom for samtaler, både mellom familiane og mellom familiane og dei tilsette. Måltida og det å halde avstand i samtaler skapar utfordringar i å ivareta smittevernsyn. Samtalane krev nærleik. Samtalane på isen er på tvers av familiane, og ikkje berre mellom familiemedlemmar og dei tilsette.

#### 5.1.4 KOKK OG LE- NETTVERK OG LÆRING

*Kokk og le* er eit tilbod som har vore utsett fleire gonger grunna utfordringar i samband med koronapandemien. Aktiviteten omhandlar fleire mål som er viktige for Barnas Stasjon. Caroline skildrar *førebygging og tidleg innsats* som viktig for dei å arbeide med. Anna fortel at aktiviteten har eit miljøterapeutisk tema, saman med eit kosthaldstema. Det omhandlar; «språk, det er nettverk, det er læring det er litt dette med norsk kultur, kva er vanlig å ete i Norge». Samstundes vert det økonomiske viktig; «så ser vi på kva det kostar, vi er jo opptatt av at det ikkje skal koste dei mykje å lage det». På *Kokk og le* lagar dei budsjett for familiane og ser på kor mykje det kostar den enkelte familie å lage måltida. *Kokk og le* inneheldt slik fleire faktorar for bygging av sosial kapital.

For å ivareta smittevernsyn er det mogleg for tre enkeltpersonar å delta på *Kokk og le* ein gong i veka i åtte veker. Dei får kvar sin stasjon på kjøkkenet der dei arbeider og ein tilsett står ved komfyren og lagar maten vidare der. Etterpå får dei maten med seg og får lage den ferdig heime og servere den til familiane sine. *Kokk og le* er ein aktivitet som ikkje kan gjennomførast ute. Matlaginga må skje på kjøkkenet til Barnas Stasjon.

Smittevernsreglane set krav til kor mange som kan delta og til gjennomføringa.

Informantane har opplevd dei ulike tiltaka som ein tryggleik i form av at det har gjort at dei har kunne halde opent for nokre aktivitetar i løpet av koronapandemien. At dei tilsette og familiane byrjar å kjenne kvarandre gjer at bruken av munnbind og andre smittevernstiltak vert ufarleggjort. Som skildra av Caroline; «sånn som no når dei har den Kokk og le, eg trur sånn som sist gang så brukte dei munnbind under heile kurset, men då kjenner dei familiane sant, sant dei kan le litt av det». Vidare fortel informanten at pandemien og smitteverntiltakas varigheit over tid spelar inn på gjennomføringa og opplevinga til både dei tilsette og familiane; «for i byrjinga tenkte vi at det ville skape stor avstand, men no... folk byrjar å bli vane til det, men med ein gang vi sit oss ned (rundt bordene på Kokk og le) så er det greitt at vi går utan ja og det er vel innafor».

#### 5.1.4.2 KOKK OG LE JUNIOR

Caroline skildrar *Kokk og le* og *Kokk og le Junior* som ein aktivitet der familiane får lære om kosthald og helse og å lage sunn mat. Aktiviteten er enno ikkje i gang grunna koronapandemien. Anna fortel om kva dei eigentleg hadde ønska å få til;

Vi prøvde og tenkte at kanskje det kunne starte før jul, men det gjekk ikkje. Det er lettare å seie til foreldre at du må sitte der og ikkje der. Der er tanken at det er barna som skal lage mat og så skal vi invitere foreldra til å ete og dei skal då stå for serveringa og så det er jo heilt ugjennomførbart sånn som det er i dag.

Ho viser her til at det er for utfordrande for born å halde seg til dei smittevernsreglane som gjeld i gjennomføringa. Grunna koronapandemien mister familiane eit tilbod som Barnas Stasjon meiner er viktig då dette er ein arena der foreldre kan øve seg på å glede seg over det borna gjer;

Når barna kjem og serverer så er det ikkje alle foreldra som klarar å vere begeistra og vise det og sette ord på det...dette må vi øve på og det nyttar ikkje å snakke om det, vi må gjere det i praksis.

Her peikar Caroline på viktigheita av å kople saman aktivitetane med dei individuelle rettleiingane. Aktivitetane kan nyttast for å oppnå dei måla familiane har satt seg. Men ved at koronapandemien gjer enkelte aktivitetar vanskelege å gjennomføre, vert også forbindinga mellom rettleiing og praksisane i aktivitetane vekke.

Informantane peikar på verdiar ved *Kokk og le* og *Kokk og le Junior* som er viktige utover å lage mat. Caroline: «Eg tenker både det fellesskapet, nettverket, det å glede seg, sitte der, det heiter jo Kokk og le og dei sit der og ler og hører jo dei ler mykje». Samstundes fortel informantane at *Kokk og le* gir moglegheiter for å lære norsk språk, norsk matkultur og at dei tilsette kan lære noko tilbake, til dømes om bruk av krydder. Samstundes reflekterer dei over den makta dei har i møtet med familiar frå andre kulturar når det gjeld den rolla dei har som rettleiarar til dømes i barneoppdragning. Refleksjonane og varsomheita med å fortelje kva som er «rett» og ikkje viser at dei tilsette er medviten makta dei innehar og ikkje befinner seg på eit nivå av *manipulation* og *therapy*, der Arnstein skildrar at kurering og utdanning finn stad (Arnstein, 2019, s. 217). Samstundes ligg det i aktivitetane ein varsam og ømfintleg bruk av kunnskapen dei tilsette har. Dei sit på ressursar som miljøterapeutar som gjer at bak aktivitetane ligg det mål som dei ønskjer at familiane skal nå. Men måten dei vever inn denne læringa og bygginga av sosial kapital på er varsam og finslipt.

Caroline ser ein verdi av at til tross for at dei ikkje kan lage maten som planlagt grunna smittevernsreglane, så kan deltakarane fullføre måltidet heime og på den måten skape eit band mellom Barnas Stasjon og heimen sin. Reglane gjer at gjennomføringa av aktiviteten vert annleis, og dei må leggje meir tid i å planleggje rettar som er enkle å få til og som dei kan fullføre heime. Det at koronapandemien påverka gjennomføringa av aktiviteten på ein slik måte kan ha ført til eit band mellom heimen og Barnas Stasjon, sjølv om det ikkje var hensikta deira fortel Caroline.

Når det gjeld *Kokk og le* spelar Anne ei rolle som pådrivar og katalysator for at aktiviteten skal vere mogleg å få til. Ho skildrar ein frustrasjon over at koronapandemien har gjort det utfordrande å planleggje og gjennomføre aktiviteten. «Det er litt sånn frustrerande for du sit

og planlegg og du er så klar og så er det den der nei det er det ikkje sikkert vi får gjennomført nei». Slik påverkar pandemien kjenslene til dei tilsette.

### 5.1.5 SMÅBARNSTREFF

Småbarnstreffet er eit tiltak som har lagt på is under heile koronapandemien. Dette har vore særst viktig for Bente å få til og det har vore vanskeleg for ho at dette tiltaket ikkje har vore i gang; «Nei det er korona, det tenker eg i vertfall, folk vegrar seg meir, og kor mange kan vi samle, dette er små barn som gjerne leiker og er oppi kvarandre». Bente opplever at det både er faktorar hjå familie og smittevernsreglar som har skapt utfordringar for å kunne arrangere småbarnstreffet. I mars vart det første treffet gjennomført. Dette skildrar Bente som ei kjekk oppleving sjølv om det vart utfordrande å halde avstand;

Det var veldig kjekt, men eg kjente at det var utfordrande da og sant når barna skulle gå forbi eller hente noko...å ha den avstanden, eg måtte ta meg i det sjølv nokre gonger for du blir så engasjert sant.

Bente håpar å kunne bruke småbarnstreffet inn mot måla til familie som omhandlar å få eit betre eller større nettverk, samstundes som det kan rettast inn til den individuelle støtta;

Få kopla på både at dei som ønskjer å få eit betre, eller større nettverk, samtidig snike inn litt støtte til, ja korleis vere ein god støtte, bruke den cos blant annet, kvar er barnet ditt no, kva trenger barnet ditt no, kva fortel barnet ditt, kva signaler er der.

På denne måten ønskjer Bente at småbarnstreffet skal fungere både som ein trygg stad dei kan kome til og som ein arena for rettleiing og for nettverksbygging. Bente har opplevd at det har vore eit behov for dette tiltaket;

Ja så kjenner eg veldig på at det spesielt er ei som er her hos oss som er veldig klar for småbarnstreff og som derfor tok kontakt med oss. Eg kjenner veldig på at ja eg har så lyst til å gi deg det...men kan ikkje det. Må gjerne komme aleine, men det er ikkje det du vil.



Treff for foreldre med små barn har vore eit tilbod som har vore ute av drift i nærmiljøet under pandemien, slik Bente kjenner til det;

Det er ikkje så mange tilbod på (staden) og eg har sett at desse babysongane som har vore i kyrkja ...i januar og midten av februar så var dei enno ikkje starta opp på grunn av korona, så vi kan vere eit slikt tilbod tenker eg og eg veit at det er fleire som har etterspurt det.

Pandemien påverkar slik dei ulike delane av sivilsamfunnet som spelar ei rolle elles for folk sine kvardagar og liv. Når andre tilbod er nede kan Barnas Stasjon spele ei større rolle for tilbod til sårbare grupper ute i lokalsamfunnet.

Smittevernstiltak spelar ei rolle for gjennomføringa av småbarnstreffet då Barnas Stasjon må sitje grenser for kor mange som kan vere til stades for å kunne halde tilstrekkeleg med avstand. Bente fortel at det er vanskeleg å vite kva som er lov og ikkje og å finne løysingar som fungerer er utfordrande. Ho peikar på at det er lite plass i lokalet og at dei ved lunsj etter småbarnstreffet kan klare å dele inn kjøkenet til tre ulike familiar. Bente veit at det er fire familiar som gjerne vil kome og ho opplever det som vanskeleg å skulle prioritere kven som skal få kome og deretter fortelje nokon at det ikkje er plass til dei;

Eg syns jo det er kjipt sjølv sagt, eller dumt fordi det er... når det er ein for mykje, ein vaksen for mykje då så, eg syns at det er vanskeleg for då veit du at det alltid er ein som ikkje kan og du skal ha den gruppa og du har eit ønske om å få det litt større då.

Bente håpar at det kan vere mogleg at alle som ønskjer kan få vere med når det nærmar seg vår og det vert lettare å vere ute.

#### 5.1.6 GARDSBESØK

Barnas Stasjon arrangerte eit gardsbesøk for i underkant av femten familiar. Aktiviteten var gratis. Barnas Stasjon ordna med billetter til buss, inngang til garden og mat. Familiene møtte dei tilsette og tok bussen saman til garden. Her vart familiene delt i grupper der dei

fekk gå rundt og sjå på ulike dyr før dei fekk nytte ei aktivitetsløype. Her var det moglegheiter for klatring, hinderbane, zip line, skyting med pil og boge og luftgevær. I ein gapahuk vart det laga mat til alle. Dei tilsette ved Barnas Stasjon fordelte seg på dei ulike gruppene.

#### *5.1.6.1 OMSORGA I DET SMÅ*

Då alle skulle samle seg for å ta buss saman oppdaga ein familie at det var ein anna familie som mangla. Dei var oppteken av at nokon dei hadde blitt kjende med tidlegare hadde tatt bussen vidare og ikkje gått av rett stad for oppmøte. Familien tok kontakt med ein av dei tilsette for å fortelje om si bekymring. Den tilsette tok kontakt med familien som var på feil stad slik at dei kom seg tilbake. Desse to familiane hadde blitt kjende med kvarandre gjennom ein anna gruppeaktivitet over tid og bygga band til kvarandre.

Aktiviteten gav moglegheiter for familiane å skape relasjonar til kvarandre. Ved zip linen byrja nokre foreldre å hjelpe andre born enn sine egne til å kome seg opp på plataet og kome på plass på tauet som skulle ta dei nedover bana. Ved pil og boge skytinga kunne eit eldre barn hjelpe eit yngre born i ein anna familie med å få til handteringa av pil og bogen. Bente er tett på i denne situasjonen og seier; «Du er ein flink lærar». Mor til det yngste barnet responderer; «Ja, flink lærer!». På denne måten skapte aktivitetane moglegheiter for meistring, positiv samhandling, gode relasjonar og bygging av fellesskap. Born på tvers av familiane tok kontakt med kvarandre. Her skapte fellesskapet klare moglegheiter for at familiane støtta kvarandre og inkluderer kvarandre i aktivitetane. Her vart det ein arena for å skape samanbindande kapital og styrke det sosiale nettverket i gruppa (Putnam, 2000, s. 22).

Både turen med buss, gåturen til garden og aktivitetane der gav moglegheiter for informantane å samhandle med familiane. Dei kunne støtte borna i ulike aktivitetar og på denne måten skape sterkare band til kvarandre. Det var fleire ulike nasjonalitetar på familiane som var til stades ved aktiviteten. På gardsbesøket oppstod det moglegheiter for dialog og samhandling på tvers av ulike språk og kulturar. To mødre fann kvarandre og kunne dele sine opplevingar og erfaringar samstundes som dei støtta borna å halde dyra. Til

trass for ulike kulturelle bakgrunnar kunne aktiviteten og fellesskapet der skape band mellom dei og gjere at solidaritet og gjensidigheit til kvarandre kunne kome fram (Putnam, 2000, s. 22).

#### 5.1.6.3 Å KUNNE VERE MED- PÅ SITT EIGE NIVÅ

Informantane fortel at dei bruker tid på å få familiane til å melde seg på aktivitetar som vert arrangerte. Dei uttrykkjer at det er viktig at aktivitetane er gratis og at aktivitetane skal passe alle aldrar. Det skal vere eit lågterskeltilbod å delta og dei krev ingen særskilde ferdigheiter. Samstundes fortel informantane at dei brukar tid på førehand til å planleggje og reflektere over kven av familiane dei ønskjer å vere tettare på og følgje meir opp.

Det er fleire familiar til stades ved aktiviteten som ikkje har møtt kvarandre før.

Informantane kjenner ikkje alle familiane heller då dei har ansvar for kvar sine familiar. Ulikt språk og kulturar kan skape barrierar for deltaking, men sjølve gjennomføringa viste kontakt på tvers av språk og kulturar. Aktiviteten gav moglegheiter for borna til å utfolde seg. Dei vert heia fram av dei tilsette og av andre foreldre og born. Borna fekk halde dyr, vise dei omsorg og vere forsiktige med dei. Dei fekk hjelpe kvarandre og dei fekk erfare å ta i mot hjelp og støtte frå andre born og vaksne. Det vart ein arena for å verte kjend. Aktiviteten gjorde det mogleg for borna å delta på sitt eige nivå (Hart, 2008, s. 24), og gjennom å delta på ulike arenaer på garden fekk dei kjenne på meistring. Samstundes pressa ikkje dei tilsette borna til å gjere noko dei ikkje hadde lyst til (Hart, 2008).

#### 5.1.7 VERDIEN AV VEGEN MOT MÅLET

Barnas Stasjon har arbeidd for å få i gang ei aktivitetsgruppe for ni til tolvåringar der målsetninga er at borna skal få gode meistringsopplevingar, danne vennskap, og kjenne at det er eit trygt fellesskap å vere ein del av. Anna fortel at dette er viktig å få til for desse borna. Anna ønskjer at barna skal oppdage og erfare at det er mogleg å vere ein god ven og at dei saman kan klare å samarbeide mot eit felles mål. Aktiviteten skal vere ein arena der borna får kjenne at dei har ansvar og forplikting for kvarandre (Shier, 2006, s.15). Desse målsetjingane heng saman med arrangeringa av aktivitetar som tur på ski på fjellet og øving

på å reise på telttur. På aktivitetane til denne gruppa er også foreldra med slik at dei får arbeida med samarbeid og samspel med kvarandre. Målet er at heile familiar skal verte trygge og kjende med kvarandre gjennom desse aktivitetane og slik danne nettverk. Då vert det naudsynt at aktivitetane lar seg gjennomføre.

Anna ønskjer at familiare som deltek skal lære å sitje opp camp og reise på tur saman. Dette er ein del av målsetninga til aktivitetsgruppa. Ei slik gruppe kan potensielt danne moglegheiter for borna til å delta og bidra med sin kompetanse, på sitt nivå (Hart, 2008). Anna skildrar koronapandemien som ein faktor som gjer det utfordrande å gjennomføre aktivitetar som dette i praksis; «Ein må jo lære å bruke det for at det skal bli god meistring og god oppleving». Her gjer Anna seg refleksjonar over korleis borna sin deltaking i aktiviteten kan bidra til utvikling for borna på fleire område (Shier, 2006, s. 15). Anna meiner at pandemien hindrar å øve på og bruke utstyret og på denne måten gjer gjennomføringa vanskeleg.

Informantane skildrar korleis dei felles aktivitetane dei organiserer i kvardagen, i feriar og helger kan vere med å bidra til at familiare når måla sine, som er eksplisitte mål som Barnas Stasjon og familiare har formulert saman. I aktivitetane vert måla arbeida mot på ein omsorgsfull og forsiktig måte. Ved bruk av felles aktivitetar kan dei introdusere familiare for å vere ute og for aktivitetar som ikkje kostar økonomisk. Vidare kan dei nytte aktivitetar og grupper til å vere tilgjengeleg for familiare individuelt og til å sjå familiare i ulike settingar. Dei kan deretter bruke det dei har observert til å reflektere kring målet til familiare saman. Bente skildrar gjennomføringa av aktivitetar som ein hjelp i hennar arbeid med familiare; «Du ser barn og foreldre i samspel så du kan faktisk rettleie og støtte der og då og det er ein kjempe-ressurs». Ho framhevar vidare at det å snakke om aktivitetane og hendingar som har oppstått der, kan gi rom for refleksjon i etterkant, saman med familiare. Ved å ta familiare inn i refleksjonane unngår Barnas Stasjon å utøve ein tokenistisk form for deltaking som Arnstein, Hart og Shier åtvarar mot (Arnstein, 1969, s. 216-217), (Hart, 2008, s. 21-22), (Shier, 2008, s. 15). I tillegg meiner informanten at sjølve gjennomføringa av aktivitetane har ein verdi i form av glede og ved at det gir foreldre moglegheit til å sjå barnet sitt, glede seg med barnet sitt og gir rom for god kommunikasjon mellom foreldre og barn.

Informantane fortel at bruken av aktivitetane inn i samtalan gir andre moglegheiter enn å diskutere over ein tenkt situasjon eller hending. Slik vert aktivitetane i grupper relevant for organiseringa og gjennomføringa av individuelle tiltak. Sjølve gjennomføringa av aktivitetar under ein pandemi har vore ein viktig faktor i arbeidet inn mot enkeltindividua i familiane. Eg vil difor vidare sjå på organiseringa og gjennomføringa av individuelle tiltak under koronapandemien.

## 5.2 INDIVIDUELLE TILTAK

Barnas Stasjon har lagt vekt på å kunne prioritere individuelle samtalar og cos-kurs med enkeltindividua i familiane, gjennom heile koronapandemien. Organisering og gjennomføring av desse tiltaka står fram som viktige delar av arbeidet til Barnas Stasjon og som relevant i deira relasjonsbygging med familiane.

### 5.2.1 COS-KURS OG INDIVIDUELL RETTLEIING I EIT LÅGTERSKELTILTAK

*Circle of Security*, tryggleikssirkelen, er eit foreldrerettleiingskurs som vert nytta for å gi foreldre verktøy for å betre forstå behova og signala borna deira gir og korleis dei kan imøtekome bornas behov på ein god måte (Bufdir, 2019). Caroline skildrar korleis cos-kurs og individuell rettleiing kan bidra direkte til å arbeide med førebygging og tidleg innsats. Ho skildrar korleis cos-kurs kan bidra til å sjå på relasjonen mellom den vaksne og barnet, og korleis foreldra kan sjå barna sine behov og forstå kommunikasjonen deira. Dette peikar mot at dei tilsette ved Barnas Stasjon vurderer seg sjølve til noko større enn å berre vere eit lågterskeltilbod der familiar kan kome på aktivitetar. Dei legg ned ressursar i å byggje relasjonar med familiane og slik hjelpe dei til ein betre kvardag. Vidare peikar ho på verdien av individuelle samtalar;

Det å kunne ha det tilbodet med individuelle samtalar, kunne vere ein container eller ein rettleiar, berre ein som er der, der du kan få tømme deg heilt, det trur eg veldig mange foreldre har godt av.

Ved å ha prioritert arbeidet mot individet under koronapandemien kan banda mellom dei tilsette og enkeltpersonane blitt styrka. Ved å vere denne kontaineren og støttespelaren og byggje enkeltindivida sin kompetanse, fungerer dei tilsette som katalysatorar som kan bidra til å auke den enkelte si handlingsevne og slik skape empowerment (Hutchinson, 2010, s. 141). Å vere ein slik katalysator inneber å vere ein «muliggjører, systemkjenner, inspirator, støtte, koordinator, hoggestabbe og konfliktløser (Hutchinson, 2010, s. 141). Ei katalysatorrolle, slik informantane framstår i arbeidet sitt, rommar noko vidare ut over eit lågterskeltiltak. Ved å vere ein del desse familiare sine nettverk kan Barnas Stasjon gi ei sosial og psykologisk støtte som kan vere avgjerande både for enkeltindivida og for familiare (Putnam, 2000, s. 22).

### 5.2.2 I SAMTALANE LIGG MOGLEGHEITENE

Informantane var oppteken av at dei ønskja å vere tilgjengelege for dei som hadde eit behov under pandemien. Anna fortel at dei hadde ope i romjula i tilfelle det var nokon som trengte ein samtale eller noko anna. Ho arrangerte då ein romjulslunsj for ein familie. Anna fortel at i jula hadde dei fokus på å ringje til familiare og høyre om det var noko dei trengte. Ho fortel at dei formidlar til familiare at dei er tilgjengelege for dei. I desse samtale kan det kome fram viktig informasjon; «når ein spør litt ikkje sant, ja er de ute? nei vi kan ikkje vere ute for barnet mitt har ikkje ullundertøy, nei, men då skaffer eg det, kommer eg til deg i morgon». Ved å ta desse samtalane klarar dei å fange opp nokre av dei som trenger det.

Dei individuelle samtalane gir dei tilsette moglegheit til å verte kjend med familiare og få greie på korleis eit endringsarbeid kan gjennomførast slik at dei får det betre som familie. Caroline fortel; «Vi skal jo spørje familiare om kvifor ønskjer du å vere hjå oss? Og kva er det du ønsker å få ei endring på i ditt liv for at du skal få det betre? For det er jo det som er grunnen til at du kjem til oss». Informanten beskriver desse spørsmåla som viktige å stille for å få klargjort kva det er den aktuelle familien ønskjer støtte til. Om det er å skaffe seg nettverk så er det denne endringa Barnas Stasjon skal støtte familien til å oppnå. Dersom nokon uttrykkjer ønskje eller behov for å verte tryggare som foreldre vert dei tilbydd cos-kurs. Familiar med låginntekt kan i følgje informanten, trenge middagar, klede og utstyr.

I fasen av å verte betre kjend vert desse samtale viktig. Anna fortel at førstegangssamtalar med nye familiar har blitt prioriterte under pandemien saman med prioriteringa av dei familiare som tar kontakt. Dei har hatt lov til å ta inn ein forelder og eit barn på stasjonen og har gjennomført slike møter. Bente opplever at pandemien sine konsekvensar for gjennomføringa av tilboda deira har sine positive sider; «Eg tenker også at for å prøve sjå litt det positive i det då så nå har vi hatt og har litt ekstra tid til å bli betre kjent med dei individuelt». Informantane peiker på at sjølv om koronapandemien gjer det vanskeleg å gjennomføre grupper så gir dei individuelle samtalanе moglegheiter til oppfølging og kontakt.

I desse samtalanе fortel Caroline at det kan det vere utfordrande å tørre å stille dei utfordrande spørsmåla, i tillegg til å gå inn på emna som handlar om økonomisk uføre. For å våge og vere trygg nok til å ta desse samtalanе skildrar ho arbeidet med å skape trygge relasjonar som løysinga. Ho beskriver arbeid med å byggje relasjonar og at dei tilsette må bruke tid på å verte trygge i rollene sine og bli trygge i spørsmålsstillinga. På denne måten heng dei individuelle tiltaka saman med aktivitetane for heile familien. Ved å jobbe varsamt og omsorgsfullt i gjennomføringa av aktivitetane kan det byggjast relasjonar og skapast band slik at den utfordrande dialogen ein-til -ein kan verte lettare.

Informantane skildrar eit band mellom dei individuelle samtalanе og aktivitetane som vert gjennomførte. Bente skildrar aktivitetane som ein arena der dei kan verte kjende med familiare på ein anna måte. Ho skildrar det å ha aktivitetar og samtale slik;

Du får så mykje meir input så eg tenker at å ha dei to samla er jo gull for å kunne hjelpe dei mest mogleg, det er veldig lett å sitje i ein sofa og seie at akk ja, men eg gjer jo det ...og så tenker eg at å ikkje ta dei på noko negativt, men heller halde det til det positive og vinkle det til at så fint at du gjorde det, men at man kan stille spørsmål sånn som eg sa at kva tenkte du der?

På denne måten kan dei tilsette bruke aktivitetane til vidare refleksjonar individuelt. Då vert det særskilt relevant at Barnas Stasjon har gjort det mogleg å gjennomføre aktivitetar, slik at det vert danna moglegheiter for dialog og refleksjonar. Ved å samtale og reflektere kring aktivitetane kan ein bruke situasjonane til å få fram den bagasjen som familiane har med seg. Bente gir uttrykk for at det kan vere utfordrande å få enkelte til å opne seg om opplevingar og utfordringar som dei ber på og ho kan få ein kjensle av at det kan vere enkelte familiar som treng eit ekstra fokus, medan andre kan klare seg meir på eiga hand. Då kan aktivitetane bidra til å vere ekstra merksam på enkelte familiar. Dei tilsette samarbeider med kvarandre og gjer avtaler om kvar fokuset deira skal vere. Dei individuelle samtalanene gir informantane informasjon om korleis familiane klarar seg under pandemien og har slik gjort at dei har fått innsyn i kven som klarar seg og kven som må følgjast meir opp. Slik har pandemien og dei individuelle prioriteringane ført til auka innsikt i samband med enkelte familiar.

Aktivitetar vert brukt som skapar av band mellom tilsette og dei vaksne og barna i familiane. Ei utfordring er å skape nettverk som familiane nyttar seg av utanfor Barnas Stasjon sin arena. Samstundes peikar Anna på at ho ser at foreldre har gjort seg erfaringar ved til dømes hjelp til søknadsskriving på Barnas Stasjon og vidare ønskjer å hjelpe andre;

Vi har nokon i foreldregruppa her som på ein måte er sterke der som kan hjelpe kvarandre då og som kan seie; ja ,men der kan søke det, har du hørt om Blå Kors ferier? sant at dei saman kan hjelpe kvarandre og støtte kvarandre, då er det deilig å sitje rundt bordet og vere litt tilbakelent og tenke at ja no får vi det til.

Informantane ser på seg sjølve som viktige støttespelarar mot angst og isolasjon under koronapandemien. Dei tenkjer også at det har vore viktig å kunne tilby ein trygg og smittefri stad. Caroline understrekar viktigheita av å tilby borna aktivitetar under pandemien og sjølv om nettverksbygging har vore utfordrande å få til, så har samhandling og samtalar med dei tilsette hatt ein verdi for familiane. Slik står Barnas Stasjon fram som eit lågterskeltiltak med



tilbod som rommar mykje for den enkelte familie og som eit lågterskeltiltak med stort ansvar.

### 5.3 KOMPLEKSITETEN I PRIORITERINGANE

I dette kapitlet har eg presentert ulike aktivitetar Barnas Stasjon har gjennomført under koronapandemien, saman med informantane sine opplevingar av å arbeide med desse tiltaka med pandemien som kontekst. Observasjonane og tankane informantane har peikar på at dei ulike påverknadane pandemien fører til, kan ha både negative og positive konsekvensar. Som forskar ønskjer eg å få fram at i arbeidet til Barnas Stasjon oppstår det eit dilemma når det gjeld omsynet til smittevernsreglane der prioritering av smittevernstiltak ikkje alltid kan gå hand i hand i arbeid med nettverksbygging, fellesskap og deltaking i aktivitetar som krev dialog og nærleik. Spørsmålet om kva som er viktigast å prioritere reiser seg. Bandet mellom aktivitetane og dei individuelle tiltaka står fram som viktig, saman med dei tilsette sine moglegheiter for å vere ein konteiner og katalysator i arbeidet med familiane. Barnas Stasjon kallar seg eit lågterskeltiltak, men arbeidet deira, ansvaret dei tar på seg, rommar noko meir enn eit lågterskeltiltak. I det subtile og varsame møtet med familiane arbeider dei med å styrke konkrete ferdigheiter og sosiale band.

Kva er det som gjer at Barnas Stasjon har klart å gjennomføre ulike aktivitetar og individuelle tiltak gjennom pandemien? Dei står ikkje åleine i veven av aktørar som arbeider for sårbare gruppe. Dette vil eg kome vidare inn på i neste kapittel.

## 6 BARNAS STASJON: SAMARBEIDETS MOGLEGHEITER

Barnas Stasjon er ein av tenestene i eit nettverk av ulike instansar som skal ivareta menneske i sårbare situasjonar. Barnas Stasjon står ikkje åleine i ein slik samanheng og difor er positive og negative konsekvensar ved desse samarbeida relevante å sjå nærmare på. Barnas Stasjon arbeider innanfor eit felt der offentleg sektor er ein vanleg oppdragsgivar og dei er ein del av eit landskap av organisasjonar der kommunen er eit sentralt kontaktpunkt (Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor 2013-2017). Governanceomgrepet og nettverksbygging vert sentrale omgrep i dette kapittelet.

I kommunen samarbeider Barnas Stasjon med ei rekkje ulike instansar og som organisasjon i sivilsamfunnet er bruken av frivillige i arbeidet relevant. Under pandemien vart nokre av ressursane til sårbare grupper mindre, eller heilt stengde. Ved å sjå på samarbeida med ulike instansar kan ein få fram kva rolle Barnas Stasjon har spelt som ressurs, eller reserverressurs for denne gruppa. Informantane peikar særleg på samarbeid med arbeidsgruppa i kommunen, smittevernoverlegen, Barnas Stasjon nasjonalt, helsestasjon, flyktingtenesta, barnevernet, rus og psykisk helse. Barnas Stasjon samarbeider i tillegg med ei rekkje ulike frivillige,- og velgjersorganisasjonar. Desse samarbeida er det ikkje rom for å fokusere på i denne studien. Det er Caroline som har den næraste dialogen med kommunen og er difor nytta i større grad som informant i den samanheng, elles har alle informantane kontakt med ulike aktørar.

### 6.1 «NØKKELEN FOR Å FÅ DET TIL»

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor peikar, i rapporten *Kommunal frivillighetspolitikk og lokale organisasjoner*, på kommunikasjon, koordinering, kultur for samhandling og meirverdi for begge partar som viktige faktorar i samspelet mellom kommunar og frivillige organisasjonar (Trætteberg, Eimhjellen, Ervik, Enjolras & Skiple, 2020, s. 11-12). Rapporten viser til *Utviklingsmodellen* som står som ein likeverdig modell der begge partar bidrar til å utvikle relasjonen «både til nye felt, samarbeidsformer og initiativer som leder til samskaping» (Trætteberg et al., 2020, s. 25). Arbeidsgruppa var eit samarbeid som tidleg kom på plass under etableringa av Barnas Stasjon her. I denne samanheng spelte leiar i Barnas Stasjon, Caroline, sitt nettverk i kommunen ei rolle. Informantane peikar på at

hennar kjennskap i kommunen, hennar nettverk, kan ha vore verdifull i etableringa av denne arbeidsgruppa og for det vidare samarbeidet. Personlege relasjonar har påverka på samspel mellom kommune og representantar frå frivilligheita; «gode personlege relasjonar gjør samarbeidet enklere» (Trætteberg et al., 2020, s. 30).

Caroline skildrar arbeidsgruppa som eit samarbeid bestående av representantar frå helsestasjonen, avdelingsleiar for skulane, skulane sin helsesjukepleiar, flyktingtenesta, representant for rus og psykisk helse, representant frå Nav og frå Barnevernstenesta. Ho skildrar vidare relevante personar i kommunen som har vore, og framleis er, viktige for Barnas Stasjon si drift og rolle i kommunen. Arbeidsgruppa står fram som eit partnerskap der eit samarbeid mellom den offentlege og den frivillige sektor er etablert og der dei ulike aktørane har ulike ansvarsområde (Amdam & Bergem, 2008, s. 6). Caroline fortel om personar i kommunen som har ønska å få Barnas Stasjon etablert. Aktørane arbeider saman for å fremje sårbare familiar sine interesser (Amdam & Bergem, 2008, s. 22). Leiande helsesjukepleiar sit med eit slags koordineringsansvar for å sitje saman teamet med Barnas Stasjon og dei ulike instansane. Barnas Stasjon får vere i arbeidsgruppa som deltakar, utan ansvar for møta, innkallingar og referat. Caroline skildrar at det er godt at det er nokon andre som har dette ansvaret;

Det er veldig godt at dei tar det ansvaret eigentleg for det forpliktar... Så er det dei som styrer det og det er dei og som styrer det dersom det er andre som skal være med inn i møta for eksempel typ PPT, skule, barnehage, psykologar, kven det skulle no vere i kommunen då så er det gjennom dei.

På denne måten fungerer systemet som eit governancebasert utviklingsregime basert på avtalar og der ein vev av ulike nettverk har ei rolle å spele (Amdam & Bergem, 2008, s.9-12).

I arbeidsgruppa er det delegert ut arbeidsoppgåver som omhandlar Barnas Stasjon. Caroline fortel at ho kan gi informasjon til politikarar, lærarar, rektorar og barnehagepersonale, men det er leiaren i arbeidsgruppa som tar avgjerda om andre deltakarar skal få vere med i gruppa. Det er frå arbeidsgruppa informasjon som nyhendebrev og månadsbrev, vert

spreidd ut. Deretter kan helsesjukepleiarar, jordmødrer, psykisk helse, flyktingtenesta og andre, bestille inn Barnas Stasjon til å kome og informere om seg sjølve. Informanten ser på forbindinga med kommunen som viktig for arbeidet deira; «Så det er veldig forankra i toppleinga i kommunen så eg tenker det er heile nøkkelen for å få det til». Her kjem det fram korleis *governance* og *government* kan supplere kvarandre då den hierarkiske forankringa i kommunen fungerer som ein positiv faktor for dei meir nettverksbaserte avgjersla dei skal ta i arbeidsgruppa (Amdam & Bergem, 2008, s. 12). Representantane frå Barnas Stasjon representerer ein systemverden i denne arbeidsgruppa samstundes som dei skal arbeide for å betre dei sårbare familiare si livsverd (Andresen, 2000, s. 53).

Vidare skildrar Caroline leiar for arbeidsgruppa som positiv og som ein pådrivar for Barnas Stasjon i kommunen; «Det er ein utroleg positiv gjeng å samarbeide med og dei har eit sånt ønskje om å få dette her til, dei ser verdien og dei er verkeleg byrja å bli godt kjent med oss». Informanten peikar på at særleg helsesjukepleiarane har blitt godt kjende med dei og har blitt formidlarar av Barnas Stasjon då dei tipsar familiar dei møter om organisasjonen. Arbeidsgruppa støtter dei i å finne familiar som kan vere aktuelle for Barnas Stasjon. Arbeidsgruppa viser seg som eit døme på eit *governancepartnerskap* der samarbeidet, i følgje informantane, er prega av aktørar som deler same interesser (Amdam & Bergem, 2008, s. 22). Arbeidsgruppa som nettverk fungerer sjølv om dei er underlagt kontroll frå kommunen (Amdam & Bergem, 2008, s. 22).

## 6.2 UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

Barnas Stasjon og instansane dei samarbeider med står ikkje på isolerte øyer kvar for seg, men dei er ein del av lokalsamfunnet og storsamfunnet rundt. Pandemien har ikkje berre påverka Barnas Stasjon sitt arbeid med sårbare familiar, men den har hatt påverknad på dei samarbeidande instansane sine moglegheiter for samhandling.

### 6.2.1 Å FINNE SIN Plass

Informantane peiker på korleis det har vore utfordrande som ung organisasjon å finne sitt mandat og sin plass i kommunen og imøtekome familiare på best mogleg måte. Dette er

utfordringar som kan ha gjort seg gjeldande også utan pandemien som kontekst. Bente skildrar det slik; «så har vi funne det litt ut undervegs korleis gjer vi ting.... sant det er eit konstant etableringsarbeid, å strekke oss mot endring då...korleis treffer vi best mogleg i ei så varierende gruppe».

Utfordringane med å vere ein ung organisasjon kan moglegvis gjere seg meir gjeldande under ein pandemi. Som ny vert det viktig å etablere kontakt med passande familiar og danne nettverk. Dei ulike instansane har fungert som eit mellomledd her og saman med Barnas Stasjon og familiane dannar dei ein sosial vev der dei på ulike måtar har kontakt med kvarandre (Andresen, 2000, s. 48). Bente peikar på ulike faktorar som vil vere viktige å arbeide med for å kome forbi barrierane for skaping av kontakt og samarbeid;

Eg tenker at for vår del er det viktig at vi viser oss meir, at vi er tydelege på kva vi gjer og kvifor vi er her, kva driver vi med, kva ønsker vi, fortsette med det slik at det blir meir einsretta og så blir betre og betre til å samarbeide etter kvart.

At det vert danna bindeledd mellom Barnas Stasjon, arbeidsgruppa i kommunen og samarbeidande instansar slik at dei når ut til dei utsette familiane er nettopp eit behov det vert peika på i regjeringa sin strategi for å motarbeide barnefattigdom og for å gjere det mogleg for born å delta på sosiale arenaer (Regjeringa, 2015-2017, s. 73-74). Å skape desse bindeledda og dra nytte av nettverka sine er noko Barnas Stasjon har klart trass i at dei er ein ung organisasjon.

#### 6.2.2 KOMMUNIKASJONENS FALLGRUVER

Caroline skildrar samarbeidet med arbeidsgruppa og med helsesjukepleiarane som viktig for å spreie ut informasjon om organisasjonen og for å få kontakt med familiar som kan passe til målgruppa. Informanten ønskjer å kalle helsesjukepleiarane for formidlarar og ikkje for tilvisarar då dei tipsar familiar om organisasjonen. Dette er i tråd med å vere eit lågterskeltiltak, der tilvising ikkje skal vere naudsynt for å kome i kontakt med Barnas Stasjon (Blå Kors e). Informanten peikar på at det kan oppstå misforståingar i kommunikasjonen mellom familiane og helsesjukepleiarane og då vidare mellom Barnas Stasjon og familiane.

Nokre gonger vert det uklart om det er helsesjukepleiar som meiner at ein familie treng hjelp, eller om det er familien sjølv som tenkjer at dei treng støtte til noko. Caroline har opplevd at familiar har kome til dei via helsestasjonen og ikkje har oppfatta kvifor dei skal kome til Barnas Stasjon;

Verken skjønt kva helsesjukepleiaren meiner at dei trenger hjelp til eller kva vi er og då tenker eg då må vi ha eit felles møte. Medan andre har når eg snakkar med dei no så seier dei nei, men dette er ein mamma som ønsker hjelp sjølv og eg har berre tipsa om dykk, sånn at då er det greitt då trenger vi ikkje eit felles møte, men vi har nok glippa på nokre familiar fordi at dei har ikkje forstått kvifor dei er her og så kjem vi med litt informasjon og så nei dette var kanskje ikkje noko for oss.

Caroline ønsker at helsesjukepleiarane skal verte trygge på å kunne formidle ut til samfunnet kven Barnas Stasjon er på ein korrekt måte. Samstundes peiker informanten på at dette er spørsmål dei sjølve har brukt tid på å finne ut av; «Vi har jo strevd sjølv med ja kva er vi? Ja vi driver med litt aktivitetar og så har vi litt rettleiing og så er det litt middagar og så kva er vi egentleg?». Ho svarar vidare på spørsmålet ho stiller seg; «Jo vi vil ha dei familiane som tenker at dei vil jobbe med noko, hos seg sjølv eller i familien, få til ei endring». Dette ønskjer informanten at dei samarbeidande instansane klarer å formidle ut på ein korrekt måte.

Caroline peikar på utfordringar med å finne sin plattform og å få informasjonen ut til instansane på ein korrekt måte som ein barriere for samarbeidet. Samstundes ser ho at ein konsekvens kan vere at dei kan miste mogleg tilknytning til sårbare familiar grunna utfordringa i kommunikasjonen. Denne tydeleggjeringa av kven Barnas Stasjon er og utfordringa med å få denne informasjonen ut på ein korrekt måte er ei utfordring informanten skildrar.

Eg er glad at vi nettopp har hatt eit møte igjen då med ulike instansar...for det er noko med at vi lærer også kven vi er undervegs, kvar vil vi gå og kva vi vil, ja vi er i ein prosess, lyst til å vere større, så det å få lov til å presentere seg og tydeleggjere at dette er Blå Kors Barnas Stasjon, dette gjer vi og dette er tilbodet vårt... vil dei kome

her så er det fordi at dei har eit mål om at dei vil endre noko, dei har lyst til å betre noko, dei har eit ønske om å få støtte i noko, det er derfor dei kjem her til oss. Og så er det ikkje alle som har kapasitet.

Informanten uttrykker eit ønske om at instansane dei har kontakt med skal vere med og hjelpe på vegen med å finne passande familiar som trengjer støtta Barnas Stasjon kan vere med å gi;

Det er vel også det som er tenkeleg med dette samarbeidet at er det familiar hjå deg som du tenker at Barnas Stasjon er ein god ting så tips om oss. Om dei trengjer hjelp til at helsestasjonen eller origo, psykisk helse eller kva det måtte være, om dei kan vere eit mellomledd... For det er nokon det er vanskeleg for.

Informantane peikar på god og korrekt informasjon ut til dei samarbeidande instansane som viktig for å nå ut til dei familiare som treng dei. Ved at Barnas Stasjon arbeider med å skape meningsfulle relasjonar til dei ulike instansane kan kommunikasjonen gå vidare til å betre samarbeidet mellom dei. Informantane kjenner slik på eit ansvar for å drive prosessane vidare (Andresen, 2000, s. 134) og står som katalysatorar i møtet mellom dei ulike nettverka (Hutchinson, 2010, s. 141).

### 6.2.3 PANDEMIENS RINGVERKNADAR

Anna viser til andre utfordringar i samarbeidet med andre instansar. Ho undrar på om utfordringar med kapasitet kan gjere at dei mister mogleg kontakt med sårbare familiar;

For eg tenker barnevernstenesta, hadde dei hatt kapasitet så hadde dei sikkert hatt mange fleire dei kunne tilvist hit, eg har jobba i barnevernstenesta sjølv og eg veit at det er mange familiar som strever økonomisk som kunne hatt behov for å vere her og kunne fått rettleiing utan at barnevernstenesta hadde vore dei som hadde trengt å gi den rettleiinga.

Informantane uroar seg over at den manglande kapasiteten til instansar i kommunen kan gjere at familiar ikkje kjem til Barnas Stasjon. Dei same utfordringa tenkjer Anna gjelder for

psykisk helse og for flyktingtenesta. Anna tenkjer at dei mister dei som er ny i Noreg, som ikkje er ein del av flyktingtenesta sitt nettverk; «Dei som kjem frå (land) sant, har ein mann som arbeider her, har barn her og er veldig einsame, dei tenker eg kunne kome hit, hatt ein stad å lære norsk, lære norsk kultur».

Anna peikar slik på grupper av menneske som kunne trengt støtta deira, men som dei ikkje når fram til. Også Bente opplever utfordringar knytt til instansane sin arbeidskapasitet og om samarbeidspartnarane har forstått arbeidsoppgåvene deira; «Vi har jo med helsestasjonen, skuler, barnevernet er også inne, for det er vanskeleg også for det er travle kvardagar og eg veit ikkje om alle instansane har forstått kven vi er eller kva vi gjer». Vidare peikar Bente på utfordringar med å få til samarbeidet med dei ulike instansane grunna pandemien; «Det er jo travelt for dei også, dei har jo sin eigen situasjon som dei står i med korona og familiar, så det er ikkje berre berre å få til samarbeidet».

Informantane ser utfordringar dei andre instansane har stått i, og framleis står i grunna korona og ringverknadane det får. Anna; «Så trur eg også at det har gjort at vi ikkje har fått kontakt med fleire av dei som verkeleg er i sårbare situasjonar for eg trur det er mange fleire når du høyrer kva barnevernstenesta har å gjere». Og; «Pandemien har jo, det har ringverknader heile vegen. Ein er avhengig av tilvisingar og så skal vi på ein måte få formidla om oss at det er eit tilbod her ute, så når ikkje dei er på jobb så...».

Informantane si uro over kapasitetsvanskane til dei andre instansane dei samarbeider med peikar på dei ringverknadane pandemien får både for Barnas Stasjon og for dei sårbare familiane som desse tiltaka retter arbeidet sitt mot. Informantane peikar på moglege grupper dei ikkje får kontakt med. Kva skjer med desse menneska under pandemien? Dei står gjerne utan moglegheitene til deltaking og støtte til dei utfordringane dei har.

### 6.3 SAMARBEID – BELASTNING ELLER RESSURS?

Det er interessant å undersøkje relasjonen med Barnas Stasjon nasjonalt under pandemien. Caroline er ansvarleg for denne kommunikasjonen. Ho fortel om to til tre teamsmøter med



varigheit på to til fire timer kvar veke dei første månadane av pandemien. Ho fortel om utfordringar knytt til å vere ny som leiar, til å ha få tilsette, og til sjølv pandemien;

Det var støtte, men det var og ein belastning for vi var såpass få at eg hadde eigentleg treng å vere i miljøet, men eg sat heile tida berre på møter og det syns eg var intenst rett og slett.

Ho skildrar vidare den tidlege fasen av pandemien som ein krevjande periode der mykje av arbeidet måtte gjerast på kveld og ettermiddag, sidan møter med Barnas Stasjon nasjonalt og nærvær i miljøet tok mykje tid. Etter kvart fortel informantane at situasjonen roa seg meir ned og at dei vart meir vane med å forhalde seg til ulike tiltak. Så vart Vestlandskommunar råka av ny stenging i januar 2021. Informantane opplevde det som krevjande. Caroline reagerte med oppgittheit, men fortalde at dei raskt byrja å tenke kreativt og prøvde å finne nye løysingar;

Kva i all verda skal vi gjere no? Korleis skal vi få dette til? Ein dårleg start på året, litt trykt ned, men eg syns vi kom oss fort opp igjen då, kva kan vi faktisk gjere då i staden for å tenke kva vi ikkje kan gjere.

Caroline viser at det er utfordrande å vere profesjonell i ei systemverd, samstundes som ein skal arbeide for å betre menneske sine liv (Andresen, 2000,s. 53). Også for dei tilsette vil kjensla av å ha støtte i fellesskapet vere viktig. Caroline skildrar korleis ho tok kontakt med ein anna leiar av Barnas Stasjon for å drøfte den nye stenginga. Utfordringa dei tilsette opplevde var knytt til korleis løyse den daglege drifta når dei tilsette er heimehøyrande i Bergen samstundes som dei arbeider i ein anna kommune. Ho opplevde at samtalepartnaren stilte spørsmål tilbake; «Kva kan dykk?». Vidare tok informanten kontakt med smittevernoverlegen i kommunen og fekk svar same kveld. Tilbakemeldinga var at dei hadde lov til å halde ope etter nasjonale retningslinjer sjølv om dei tilsette er bergensarar. Informanten beskriver at ho opplevde kommunikasjonen med andre leiarar i Barnas Stasjon og med smittevernoverlegen som ein positiv faktor;

Det å kunne få dei kjappe avklaringane...både frå leiar i Oslo og dei som har erfaring frå Oslo og det området der, og det å kunne dra veksler av det, det gjer jo at det er mykje lettare for meg i staden for at eg må lure og ja, så sånn sett så tenker eg at ja nå er vi plass med den kommunikasjonslinja og det gjer det mykje lettare å handtere.

Samstundes skildrar informanten at ho har nytta andre avdelingar for å få råd og innspel til handtering av ulike utfordringar ved pandemien. Slik har samarbeidet både vore ein belastning, men også fungert som ein ressurs som kunne gi støtte og tryggleik ved utfordrande situasjonar. Caroline fortel om utfordringar knytt til smittevernstiltak og utfordringar med å tolke dei ulike reglane på korrekt måte. Som leiar er det ho som sit på ansvaret for at Barnas Stasjon følgjer reglane. Ho fortel at ho har nytta dialog med smittevernoverlegen som støtte i desse utfordringane;

Det er heile tida nye ting og eg syns det er utfordrande eigentleg å finne oss i dei reglane som kjem for det omhandlar overhode ikkje oss som eit tilbod. Vi må finne ut kva passar, kvar høyrer vi heime. Så lagar eg eit ... dette har vi tenkt å tilby og så sender eg det til smittevernoverlegen i (kommunen) så får eg svar på ein måte «køyr på» eller «ver forsiktig med det» eller «begrens det».

Slik har smittevernoverlegen vore ein faktor for korleis Barnas Stasjon har forhalda seg til reglane og skapt ein tryggleik for korleis dei har drifta tiltaka sine. Smittevernoverlegen har fungert som ein blanding av rådgjevar, kontrollør og brems, men på ein måte som har skapt tryggleik og ro for informantane. Kommunikasjonen har spela ei rolle for at organisasjonen har halde fram med å vere eit tilbod under pandemien. Frå Barnas Stasjon sentralt fekk dei råd om å ha kommunikasjon med smittevernoverlegen; «Vi skal opprette ei god linje inn mot smittevernoverlegen for å på ein måte ikkje gjere noko som vi i etterkant får at det der det var på ein måte utanfor, det skulle du ikkje ha gjort». Informantane uttrykkjer at dei har hatt eit ønskje og ein vilje om å få til å gi eit tilbod til familiane, og at dei som tiltak er av betydning. I den samanheng skildrar Caroline korleis smittevernoverlegen har spelt ei rolle;

Men vi skal jo vere eit tilbod for dei sårbare familiane og då tenker eg at vi også skal vere meir tilgjengelege enn mange andre. Slik som helsestasjonane har framleis ikkje

grupper her på øya sånn som eg har forstått, medan vi har jo grupper sant, medan dei får ikkje lov til eller har bestemt seg for at det har dei ikkje lov... men då vil eg ha smittevernoverlegen med på laget som seier «jo køyr på, men hald avstand» og så kan vi gå på en smell.

Informantane skildrar det å gi eit tilbod til familiane under ein pandemi som utfordrande når det gjeld å vite kva retningslinjer som gjeldt for dei og korleis dei kan imøtekome familiane sine behov samstundes som dei ulike retningslinjene vert fylgt. Bruken av smittevernoverlegen har difor skapt ei kjensle av tryggleik;

Veldig trygt ja (å bruke smittevernoverlegen) det gjer det liksom at okey vi har fått lov, men det er klart vi kan gå på ein smell for det tenker eg, ja det kan vi jo så, men då tenker eg ja, ja vi er mennesker.

Bruken av smittevernsovelegen gjer at informantane kjenner at dei gjer det rette i samband med smittevernsreglane. Vert det smitte via Barnas Stasjon så er det noko som kan skje, utan at det er noko dei skal belastast for. Bruken av avdelingsleiarar og smittevernoverlegen gjer at dei tilsette har stått tryggare i gjennomføringa av tiltak retta mot familiane. I relasjonen mellom den offentlege aktøren og Barnas Stasjon står tillit og fungerande kommunikasjon sentralt (Amdam & Bergem, 2008, s. 12). Kommunikasjonen fungerer som *god praksis* (Amdam & Bergem, 2008, s. 13). På same tid viser kommunikasjonen at dei tilsette vil noko meir enn å vere eit lågterskeltiltak som tilbyr enkle aktivitetar, dei ønskjer å vere ein instans som klarar å vere tilgjengelege for dei som trenger det, under ein pandemi, og med andre instansar sine utfordringar som bakteppe.

#### 6.4 SAMARBEID MED FRIVILLIGE – Å GÅ VEGEN SAMAN

Bruken av frivillig arbeid ligg på eit stabilt høgt nivå i det norske samfunnet (Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, 2013-2017, s.11). Barnas Stasjon nyttar til vanleg ein stor del frivillige (Blå Kors a). Det er interessant å sjå på korleis pandemien har påverka bruken av frivillige i arbeidet.

I ei vanleg tid utan korona er mangelen på frivillig arbeidskraft eit hinder for bruk av frivillige i kommunalt omsorgsarbeid (Lorentzen & Skinner, 2019). Dette var i utgangspunktet ikkje ei utfordring for Barnas Stasjon. I startfasen av pandemien hadde Barnas Stasjon ein frivillig pensjonist som bidragsytar i arbeidet med organisering av aktivitetar for familiane. Frivillige gjorde ein innsats i utdelinga av påskepakkar, 17. mai pakkar og julepakkar til familiar. Med pandemien sitt inntog vart dei frivillige sitt bidrag påverka. Pensjonistar vart ein del av risikogruppene og kunne difor ikkje bidra. Dette skapte utfordrande kjensler for Caroline;

Då korona kom så var ho i risiko og mange av dei eldre frivillige er jo i risiko så eg tenkte dette blir vanskeleg, eg vil ikkje utsetje nokon for å på ein måte, vi kan ikkje la nokon døy på vakt, eg kjente at den syns eg var ubehageleg i forhold til henne.

Caroline skildrar dei positive effektane det hadde å nytte ein frivillig i den krevjande, første fasen av pandemien; «Eg ante jo egentleg ingenting så vi gjekk litt vegen saman». Dette samarbeidet gjorde noko med informanten si kjensle av å stå saman med nokon i ein krevjande situasjon;

Og kjempe krevjande periode å komme inn i så all ære til at ho har stått oppreist også og stått saman med...at vi på ein måte har vore ein sånn eining då at eg har måtte støtta meg på ho ...fått hjelp og drøfta med ho heile tida.

Det å bruke frivillige som støttespelarar og som ein del av fellesskapet på Barnas Stasjon var ein positiv del av arbeidet, men dette endra seg. Utfordringa med å bruke frivillige førte til at Barnas Stasjon nedprioriterte bruken av dei og dei nyttar ikkje tida til å gjennomføre intervju. Å rekruttere frivillige er ei ressurskrevjande oppgåve (Lorentzen & Skinner, 2019) og bruken av dei krev ein viss grad av kontinuitet, for både dei tilsette og for familiane sin del. Caroline; «Det er jo ein prosess med politiattest, intervju og alt det der som både tar tid og... så vi har ikkje stresset med det då...sjølv om eg ser at det hadde vore ein god ressurs».

Caroline skildrar bruken av studentar som frivillige. Grunna korona var ikkje dette aktuelt då den store gruppa studentar heldt til i Bergen, som i periodar har vore prega av større grad av smitte og stengde skular (Regjeringa, 2021). Pandemien får på denne måten påverknad på bruken av frivillige studentar.

Caroline fortel at det er eit medlem i arbeidsgruppa og som er tilsett på frivillighetssentralen som har forplikta seg til å skaffe Barnas Stasjon frivillige. Tilbakemeldinga er at dette ikkje er mogleg grunna korona; «Ho seier ho får det ikkje til, det er ikkje frivillige til å drive frivillighetssentralen eingong på grunn av at dei er stort sett pensjonistar og dei tørr ikkje per i dag». Informanten skildrar eit frivilligfelt som ligg nede; «Så desse studentane mister vi og pensjonistane mister vi». Rapporten *Frivillighet og koronakrisen* peikar på at koronapandemien har ramma både økonomien og aktivitetane i frivillig sektor (Arnesen & Sivesind, 2021, s. 6). Samstundes viser rapporten at det er noko i informantane sine skildringar av eit frivilligfelt som ligg nede. Undersøkingane til Arnesen og Sivesind viser at 51% av lokale organisasjonar hadde redusert drift under koronapandemien, og at 26% hadde stengt drifta heilt (2021, s. 26). Dette kan peike på at det har vore av betydning at Barnas Stasjon har klart å gjennomføre nokre av tiltaka då arbeidet deira er retta mot sårbare menneske som er hardt ramma av pandemien (Kojan et al., 2021, s.6).

Dei nasjonale og lokale tiltaka har ført til at Barnas Stasjon har prioritert aktivitetane og tilboda sine annleis. Dette spelte inn på bruken av frivillige; «Vi har tenkt veldig mykje ein til ein jobbing og då blir det ikkje aktuelt med frivillige uansett». Informantane skildrar ein-meters- regelen og den avgrensa plassen dei har til å organisere aktivitetar. Desse reglane gjer at frivillige ikkje kan prioriterast. Koronapandemien gjer at organisasjonen må planleggje og leggje til rette for aktivitetane på eit anna vis. Det fører også til at dei må avvise frivillige; «Det var ein som ringte i går som ville vere frivillig og då sa eg at det er kjempefint og vi tar gjerne kontakt når korona dempar seg litt, men akkurat no har vi ikkje moglegheit uansett». Koronapandemien påverkar klart Barnas Stasjon sin bruk av frivillige. Samanhengen mellom frivillig arbeid, sosial tillit og nettverksmangfald (Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor 2013-2017, s. 67), vert brutt for Barnas Stasjon under koronapandemien.

## 6.5 SAMARBEIDETS IMPLIKASJONAR

Samarbeidet med ulike instansar får tydelege påverknadar på Barnas Stasjon sitt arbeid. Arbeidsgruppa står fram som ein støtte til å nå ut til aktuelle samarbeid med andre instansar i kommunen. Informantane peikar på at sjølv om dei er nye som organisasjon og ikkje får tak i alle familiar som kan vere potensielle brukarar, så er kommunen flinke til å heie dei fram. Dette opplever informantane som ein verdifull og positiv faktor for arbeidet. Samarbeidet med arbeidsgruppa, Barnas Stasjon nasjonalt og med smittevernoverlegen står fram som samarbeid som har bidratt til å skape nettverk, samskaping og støtte til Barnas Stasjon i deira arbeid. Leiar i Barnas Stasjon sitt nettverk har bidratt positivt i denne samanheng.

Informantane har opplevd at banda til andre instansar gjer at informasjon om dei spreier seg. Samstundes brukar dei tid på å få informasjon ut i kommunen og på å informere om seg sjølv for å kome i kontakt med familiar. Som ung organisasjon tar det tid å etablere seg i veven av instansar. Det har i nokre tilfelle vore ei barriere å finne sin plass og skape ein velfungerande kommunikasjon og samhandling med andre. Kapasitetsvanskar grunna pandemien har også skapt implikasjonar. Informantane opplever ei uro over familiar som dei ikkje når ut til. I tillegg har pandemien råka Barnas Stasjon sine moglegheiter for bruk av frivillige og periodar med stengingar og ulike tiltak har vore krevjande for dei tilsette og skapt ein auka arbeidsmengde. Det har vore krevjande for informantane å omstille seg raskt og vere kreative og fleksible når pandemien har komplisert arbeidskvardagen.

Samstundes gir møtet med flyktingtenesta eit bilete på korleis samarbeid kan fungere. Gjennom å besøke klassane til flyktingtenesta og gi informasjon om Barnas Stasjon der, opplevde dei at familiar ønskja å ta kontakt. Dei ulike samarbeida har skapt *samanbindande* band (Putnam, 2000, s. 22) mellom kommunen, instansane og familiar. Å skape sterke band mellom nettverk i kommunen bidrar til styrka sosial kapital (Twelvetrees, 2017, s. 31). Barnas Stasjon sin kontakt med ulike instansar har vist at positive og velfungerande samarbeid kan bidra til nettverksbygging og skaping av sosial kapital. Governanestructurar viser seg i samarbeid mellom ulike aktørar, med ulike makt-, og ansvarsområde, men som saman kan ta ansvar for dei sårbare gruppene som bur i nærmiljøet (Amdam & Bergem, 2008, s.12-13).

I dette kapitlet har eg belyst samarbeidet Barnas Stasjon har med ulike instansar, og bruken av frivillige under ein pandemi. Eg har søkt å få fram korleis desse samarbeida har blitt påverka av pandemien og kva som står fram som barrierar eller positive faktorar for samarbeid. For at Barnas Stasjon skal ha evne til å spele ei sterk rolle i sivilsamfunnet krevjar det både autonomi og handlingsrom (Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor 2013-2017, s. 37). Informantane fortel om ei oppleving av å bli heia fram av kommunen og dei opplever at samarbeidet med arbeidsgruppa hjelper dei til å nå fram til målgruppa. I ei utfordrande tid, med manglande bruk av frivillige, vert det avgjerande for Barnas Stasjon si drift at desse governancestrukturane og partnerskapa har fungert (Amdam & Bergem, 2008, s. 6-12). Saman med samarbeidet med smittevernoverlegen og dei andre instansane i kommunen har dette gjort drifta til Barnas Stasjon mogleg å oppretthalde og dermed har kontakt med familiar vore mogleg.

## 7 BARNAS STASJON- EIT MANGFOLDIG OG VARSAMT ARBEID

I denne studien har eg tatt for meg korleis dei tilsette i Barnas Stasjon i ein kommune på Vestlandet har arbeida med sårbare familiar under koronapandemien. Eg har tatt utgangspunkt i observasjonar av aktivitetar og dei tilsette sine synspunkt og perspektiv for å undersøkje korleis dei har arbeida under pandemien og om tiltaka deira har skapt nettverk, deltaking og sosial kapital. Problemstillinga eg har søkt å svare på er;

*Korleis har dei tilsette i organisasjonen Barnas Stasjon arbeida med sårbare familiar under ein pandemi?*

I dei føregåande kapitla har eg ønska å belyse problemstillinga sett i lys av perspektiv kring governance, nettverk, deltaking og sosial kapital gjennom å skildre ulike aktivitetar eg har observert saman med informantane sine opplevingar og den innsikta dei gav i intervjuet. Eg søker her å gi ei heilskapleg og auka forståing for Barnas Stasjon sitt arbeid i ei utfordrande tid, og vidare presentere hovudfunna før eg går inn på nokre avsluttande betraktningar kring Barnas Stasjon og deira veg vidare.

Funna i studien omhandlar samarbeidet mellom Barnas Stasjon, kommunen og ulike instansar- som ein faktor for å kunne vere eit fungerande tilbod i ei krevjande tid. Funna omhandlar Barnas Stasjon som noko meir enn eit lågterskeltiltak, og dei viser dilemma som oppstår ved å ivareta smittevernsreglar, ta omsyn til familiarne sine behov og samstundes klare å tilby ulike aktivitetar og tilbod. Den varsame, subtile måten Barnas Stasjon møter familiarne står fram som ein arbeidsmåte som rommar tillit, respekt og dannar eit fundament og ei ramme rundt danning av sosial kapital, deltaking og nettverk. For Jane Addams var vanskar hjå enkeltindividua eit symptom på utfordringar i samfunnet (Levin, 2004, s. 30). Barnas Stasjon står fram som ein bit av puslespelet som kan bidra til positiv endring for sårbare grupper i samfunnet vårt.



### 7.1 EIT VELFUNGERANDE SAMARBEID- EIN AVGJERANDE FAKTOR?

Samarbeidet med kommunen og med ulike instansar står som eit kriterium for å oppnå ein mest mogleg fungerande organisasjon, også under ein pandemi. Saman med forskning på sivilsamfunnet, peikar denne studien på at eit velfungerande samarbeid mellom kommune og ulike instansar er relevant for å fungere som eit tiltak for sårbare familiar med ein særskilt krevjande kvardag.

Sosiale nettverk der sosial kapital kan byggjast trengjer ein møtestad for å skape fellesskap. Nokre gonger kan det vere naudsynt med ei meir formell organisering for å kople enkeltpersonar med felles utfordringar saman. I denne studien er det undersøkt om Barnas Stasjon har vore ein slik arena. For at born og familiar skal få moglegheiter til å delta trengs det både sosial støtte, fagpersonar for å danne nettverk, i tillegg til koordinerte tenester av meir formell karakter som kan sikre at barn, unge og familiar klarar seg også under vanskelege tider (Ungar, 2011, s. 1746). Samarbeidet mellom ulike instansar, kommunen og Barnas Stasjon står fram som eit avgjerande kriterium for dei har klart å imøtekomme sårbare familiar under koronapandemien. I dette samarbeidet står Barnas Stasjon fram som meir enn eit lågterskeltiltak og informantane føler at dei vert anerkjende og gitt ein verdi av dei samarbeidande instansane.

### 7.2 EIT KOMPLISERANDE DILEMMA

Studien viser korleis omsynet til ulike smittevernreglar har skapt både tryggleik og frustrasjon. Å gjennomføre aktivitetar der sårbare familiar kan delta for å danne nettverk og sosial kapital framstår som umogleg utan nærleik til kvarandre. Å ha reglar å forhalda seg til kan skape tryggleik for dei tilsette slik at dei veit at dei kan drive tiltaka sine forsvarleg og reglane kan skape tryggleik for familiarne som kjem. Men omsynet til reglar og omsynet til familiarne sine behov går ikkje nødvendigvis hand i hand. Nærleiken i dialogen og samspelet med både barn og vaksen vart prioritert framfor avstand og viser at dei tilsette verdset desse behova. Barnas Stasjon ønskjer noko meir enn at familiar møter opp ved ein aktivitet. Dei arbeider for å tilby noko utover eit lågterskeltiltak.

### 7.3 BARNAS STASJON- MEIR ENN EIT LÅGTERSKELTILTAK

Barnas Stasjon frontar seg som eit lågterskel tiltak, men denne studien peikar mot at organisasjonen sitt mandat går utover dette. Dei fungerer som ein viktig faktor i kommunen sitt arbeid retta mot sårbare familiar og dei arbeider målretta med ulike instansar for å nå ut til familiar med behov. Det ligg ei meining og eit mål bak kvar planlegging og kvar aktivitet dei gjennomfører. I gjennomføringa av aktivitetane kjem den subtile, varsame og omsorgsfulle måten Barnas Stasjon arbeider mot å nå familiane sine mål fram. I ei utfordrande tid brukar dei tilsette sine kreative og fleksible evner til å halde på kontakten med familiane og leggje til rette for å kunne tilby individuell støtte og gruppeaktivitetar.

Ved å skape arenaer for fellesskap kan familiar og deira utfordringar møtast med ei nedanfrå-opp haldning. I følgje Henriksbø og Sudmann (2011, s. 52) er fellesskap og deltaking «uløselig knyttet sammen». For at sosial deltaking skal kunne skje må det vere både individuelle og strukturelle faktorar til stades, saman med at dei som deltek opplever at dei vert anerkjent og at dei høyrer til (Henriksbø & Sudmann, 2011, s. 52-53). Gjennom Barnas Stasjon vert det skapt møtestadar mellom tilsette, mellom dei tilsette og brukarane og mellom familiane. I desse møta har dialogen spelt ein rolle for bygging av nettverk, til trass for barrierar og pandemiens påverknad. Ein organisasjon kan danne møtestader for dialog, medverknad og fellesskap og slik skape ein stad som er meningsfull både for dei som nyttar tilbodet, og for dei tilsette (Cresswell 2015, s. 12-14). Dei tilsette har i sine roller som samtalepartnarar, katalysatorar, konteinerar og eldsjeler spelt ei rolle for korleis familiane har blitt imøtekome i ei krevjande tid.

### 7.4 VEGEN VIDARE

Det kan hevdast at å arbeide for å sikre deltaking er avgjerande for kunne møte framtidens kriser med ein beredskap av høg kvalitet (Marston, Miles & Renedo 2020). I samfunnet vil det vere grupper av fellesskap som kan vere med på å skape ein betre respons på til dømes ein pandemi. For å vere budd på nye utfordringar i framtida er det naudsynt å arbeide for samfunnsdeltaking og for få fram stemmene til marginaliserte og dei som er i fellesskapet med desse (Marston, Miles & Renedo 2020). Barnas Stasjon har vore ein slik arena for deltaking, fellesskap og skaping av sosial kapital.

Denne studien peikar på betydninga av eit godt samarbeid mellom ulike instansar, organisasjonar og kommuneleiinga. Eg vonar at skildringane vil vere gjenkjenneleg for andre i same type situasjon og at prosjektet slik har oppnådd ein sosiologisk representativitet. For å skape eit velfungerande partnerskap mellom ulike aktørar i sivilsamfunnet er det naudsynt at ein lærer av dei som står i dei utfordrande situasjonane. Kanskje har stasjonen klart å så nokre frø av lærdom i møtet med dei ulike instansane. Slik kan samfunnet møte nye utfordringar betre og meir førebudd i framtida. Studien viser at pandemien har gjort kontakten med sårbare familiar utfordrande. Samstundes peikar Barnas Stasjon på at pandemien kan ha gjort kontakten med nokre familiar tettare og at ulike tilbod har gjort dei betre kjende med kvarandre. Barnas Stasjon klarte å gi eit tilbod, både i form av individuelle tiltak, og aktivitetar i grupper, til familiar dei arbeida med.

Det er truleg at fleire studiar vil vise påverknaden pandemien har hatt både på sårbare grupper og på korleis kommunar og organisasjonar har imøtekome desse behova. Det vil vere interessant å sjå om det er samsvar med dei funna som er gjort i denne studien. Barnas Stasjon sitt arbeid retta mot sårbare familiar har ein verdi også i ei tid utan pandemi som kontekst. Eg vonar det er ein lærdom som kan takast med inn i framtida, mot nye utfordringar som kjem.

## 8 LITTERATURLISTE

- Amdam, R. & Bergem, R. (2008). *Kriterium for evaluering av partnerskap og planlegging i kommunalt folkehelsearbeid*. Møreforskning Volda.
- Andresen, R. (red) (2000). *Fellesskap og sammenhenger: Yrkeshjelpere i grupper, nettverk og organisasjoner*. Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Arnesen, D. & Karl, H. Sivesind (2021). *Frivillighet og koronakrisen. Befolkningens frivillige innsats og frivillige organisasjoners rolle, aktiviteter og økonomi under koronakrisen i Norge*. Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Arnstein, S.R. (1969). A ladder of citizen participation. *Journal of the American Planning Association*, 35(4), 216-224. doi:10.1080/01944366908977225
- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. (2015-2017). *Barn som lever i fattigdom*. Regjeringen. [Strategi mot barnefattigdom \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no)
- Blå Kors a. (Udatert-a). *Om Blå Kors*. <https://www.blakors.no/om-oss/>
- Blå Kors b. (Udatert-b). *Våre tilbud*. <https://www.blakors.no/virksomheter-og-tilbud/>
- Blå Kors c. (Udatert-c). *Barn, unge og familie*. <https://blakors.no/tema/barn-unge-og-familie/>
- Blå Kors d. (Udatert-d). *Om Blå Kors Barnas Stasjon*. <https://blakors.no/barnas-stasjon/>
- Blå Kors e. (Udatert-e). *Velkommen til Blå Kors Barnas Stasjon Lister!*  
<https://blakors.no/barnas-stasjon/lister/>
- Breivik, J.K. & Sudmann, T.T. (2015) Samfunnsarbeid som svar på velferdspolitiske utfordringer? *Tidsskrift for velferdsforskning*, vol. 18, nr.1. Fagbokforlaget.
- Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2019). *Circle of Security-foreldreveiledningskurs*. [https://bufdir.no/Familie/Tilbud/Regionene/circle\\_of\\_security/](https://bufdir.no/Familie/Tilbud/Regionene/circle_of_security/)
- Cresswell, T. (2015) *Place an Introduction*. 2.utg. Wiley Blackwell.
- Freire, P. (1999). *De undertryktes pedagogikk*. 2.utg. Gyldendal Norsk Forlag.

- Gilje, N. & Grimen, H. (1995). *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Universitetsforlaget AS.
- Goffman, E. (1963). *Stigma Notes on the Management of Spoiled Identity*. Penguin Books.
- Grimen, H. (2004). *Samfunnsvitenskapelige tenkemåter*. 3.utg. Universitetsforlaget AS.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. 2.utg. Fagbokforlaget.
- Gundersen, K. & Moynahan, L. (1995). *Nettverk og sosiale ferdigheter*. Haugtussa Forlag.
- Haberman, F.W. (1972). *Nobel Lectures, Peace 1926-1950*. Amsterdam: Elsevier Publishing Company. <https://nobelprize.org/prizes/peace/1931//addams/biographical/>
- Hamran, O., Hageberg, A.O.L. & Laahne, E. (2006). *Himmel og jord i bevegelse Blå Kors i hundre*. Forlaget Press.
- Hart, R.A. (2008). *Stepping Back from «The Ladder»: Reflections on a Model of Participatory Work with Children*. Reid, A., Jensen, B.B., Nikel, J., & Simovska, V. *Participation and learning: Perspectives on education and the environment, health and sustainability*. Springer Netherlands.
- Henriksbø, K. & Sudmann, T.T. (2011) Kollektiv handling skaper endring. *Fontene forskning*, 12/11, 50-56.
- Hutchinson, G.S. (2010). *Samfunnsarbeid Mobilisering og deltakelse i sosialfaglig arbeid*. Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Levin, I. (2004). *Hva er sosialt arbeid*. Universitetsforlaget.
- Lister, R. (2004). *Poverty*. United Kingdom: Polity Press.
- Kjelstadli, K. (2020). *Et organisert folk*. Norgeshistorie- Frå steinalderen til i dag. Fortalt av fagfolk. <https://norgeshistorie.no/forste-verdenskrig-og-mellomkrigstiden/1616-et-organisert-folk.html> . Universitetet i Oslo.
- Kojan, B. H. , Moufack, M.K. , Lichtwarck, W. , Røkkum, N.H.A., Skrove, G. & Ulfseth, L.A. (2021) *Konsekvenser av covid-19 for tjenestetilbudet blant sårbare barn og unge*. NTNU Institutt for sosialt arbeid. Rapportserie for sosialt arbeid, rapport nr. 5. Skipnes Kommunikasjon AS.

- Ledwith, M. (2016) *Community development in action-putting Freire into practice*. Policy Press
- Lorentzen, H. & M.S. Skinner (2019). *Frivillige i omsorgssektoren- muligheter og barrierer*. Årgang 22, nr. 1. s. 4-24. Tidsskrift for velferdsforskning. Universitetsforlaget.
- Lundberg, K.G., Danielsen, H. & Vigsnes, K. (2020). Sosialfaglig arbeid i et nedstengt Norge- erfaringer fra et tiltak for lavinntektsfamilier. *Fontene forskning*.  
<https://fontene.no/fagartikler/sosialfaglig-arbeid-i-et-nedstengt-norge--erfaringer-fra-et-tiltak-for-lavinntektsfamilier-6.47.713737.cddfddd142>
- Marston, C., Renedo, A. & Miles, S. (2020). Community participation is crucial in a pandemic. *The Lancet*. Vol.395.
- Mowat, J.G. (2015). Towards a new conceptualisation of marginalisation. *European Educational Research Journal*. Vol.14(5). 454-476.
- Nordland, E. (1999). *Innledning*. Freire, P. (1970). 2.utg. *De undertryktes pedagogikk*. Gyldendal Norsk Forlag.
- Putnam, R.D. (2000). *Bowling Alone: The collapse and revival of American community*. Simon & Schuster paperbacks.
- Regjeringen (2021) *Tidslinje: Myndighetenes håndtering av koronasituasjonen*.  
<https://www.regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen/tidslinje-koronaviruset/id2692402>
- Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor (2013-2017). *Norsk frivillighet: Utviklingstrender og samfunnseffekter*. Avslutningsrapport for Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor 2013-2017.
- Shier, H. (2006). *Pathways to Participation Revisited Nicaragua Perspective*. 14-19.  
[https://www.harryshier.net/docs/Shier-pathways\\_to\\_Participation\\_Revisited\\_NZ2006.pdf](https://www.harryshier.net/docs/Shier-pathways_to_Participation_Revisited_NZ2006.pdf)
- Tjora, A. (2018). *Hva er fellesskap*. Universitetsforlaget.
- Twelvetrees, A. (2017). *Community Development, Social Action and Social Planning*. Practical Social Work Series. Red Globe Press.

- Utdanningsdirektoratet (2020). *Oppsummering av fylkesmennenes rapportering på oppfølgingen av utsatte barn og unge*. <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset1/oppfolging-av-utsatte-barn-og-unge/FM-oppsummering/>
- Underlid, K. (2008). Fattigdommens lukt og smak – Funn frå ein studie om korleis fattigdom vert opplevd. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid* Vol.5 Nr. 3.
- Ungar, M. (2011). Community resilience for youth and families: Facilitative physical and social capital in context of adversity. *Children and Youth Services Review* 33. 1742-1748.
- Wollebæk, D., Sætrang, S. & Fladmoe, A. (2015). *Betingelser for frivillig innsats, motivasjon og kontekst*. Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Ødegård, G., Loga, J., Steen-Johnsen, K. & Ravneberg, B. (2014). *Felleskap og forskjellighet-Integrasjon og nettverksbygging i flerkulturelle lokalsamfunn*. Abstrakt Forlag AS.

## 9 VEDLEGG

### 9.1 VEDLEGG 1: NSD VURDERING

**Melding**21.12.2020 09:32

Det innsendte meldeskjemaet med referansekode 623019 er nå vurdert av NSD. Følgende vurdering er gitt: Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen, så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjema med vedlegg 21.12.2020. Behandlingen kan starte.

**TAUSHETSPLIKT OG FORSKNINGSETIKK** Vi minner om at informantene har taushetsplikt, og dermed kun kan uttale seg generelt om sine erfaringer i intervjuene. Informantene må omtale hendelser og erfaringer på en måte som ikke gjør enkeltelever identifiserbare, hverken direkte ved bruk av navn eller indirekte gjennom kombinasjoner av bakgrunnsopplysninger. Vi anbefaler at informantene minnes om taushetsplikten i forkant av intervjuene, både muntlig og i informasjonsskrivet. Vi minner også om at taushetsplikt og forskningsetiske retningslinjer favner videre enn personvernlovverket. Dette innebærer at selv om det ikke registreres noen personopplysninger om barn eller familier under observasjon, må prosjektet vurdere hvordan observasjonen kan gjennomføres på en slik måte at det sikres at taushetsplikten overholdes og at forskningen er forskningsetisk forsvarlig.

**MELD VESENTLIGE ENDRINGER** Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

[nsd.no/personvernombud/meld\\_prosjekt/meld\\_endringer.html](https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html) Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

**TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET** Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 1.8.2021.



LOVLIG GRUNNLAG Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a. PERSONVERNPRINSIPPER NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om: - lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen - formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål - dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet - lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20). NSD vurderer at informasjonen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13. Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32). For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet. Lykke til med prosjektet! Kontaktperson hos NSD: Lasse Raa Tlf. personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

## 9.2 VEDLEGG 2: OBSERVASJONSGUIDE

**Observasjonsguide for masterprosjekt**

Observasjon: Oppmøte:

Aktivitet:

<b>Tema</b>	<b>Spørsmål</b>	<b>Stikkord</b>
<b>Stad:</b> <b>Beskrivelse av staden:</b>	-Smittevernsomsyn  -tiltak	-Korleis handterer dei smittevernstiltak
<b>Tidspunkt:</b>	Korleis organiserer BS aktiviteten?	-organisering  - kven tar initiativ  - kven leder/fører ordet  -kven er involvert
<b>Til stades:</b>		Mi rolle
<b>Aktivitet/Beskriving av aktiviteten</b>	Beskrivelse av aktivitet	
Korleis fungerer aktiviteten	-Kva fungerer  -Korleis legg dei til rette for deltaking	-Kva fungerer ikkje  -Kva kan gjerast annleis
Barrierer for deltaking		
Barrierar for skaping av Sosial kapital		
Tilrettelegging for skaping av sosial kapital		-tillitt -respekt -åpenhet -dialog
Tilrettelegging for deltaking		- Smittevernsomsyn som gjer det mogleg?

		- Kontakten med familiane?
--	--	----------------------------

Egne notater/Egne tolkninger

Refleksjon over egne reaksjonar/korleis ein passa inn som forskar/

## 9.3 VEDLEGG 3: INTERVJUGUIDE

**Fase 1: Uformell prat****Fase 2: Informere**

- Gjennomgå informasjonsskriv.
- Forklare omgrepa anonymitet og taushetsplikt. Presisere at informantane har taushetsplikt angående familiane dei møter i sitt arbeid.
- Intervjuet vert gjennomført med tre delar. Spørsmål knytta til tida før pandemien, spørsmål knytta til startfasen av pandemien. Og til slutt spørsmål knytta til den tida vi er i ved gjennomføring av intervjuet.
- Er det spørsmål før intervjuet starter?

**Fase 3: Intervju**

Tema	Spørsmål	Stikkord for moglege oppfølgingsspørsmål
<b>Innleiingsspørsmål</b>		
<b>Bakgrunnsopplysninger</b>	- arbeidsbakgrunn i Barnas Stasjon	
	-Til leiar: historia til organisasjonen	
<b>Tida før pandemien</b>	- arbeidsoppgåver som særskilt viktige	
	- arbeidsoppgåver i organisasjonen før pandemien	
	- organisasjonen sitt arbeid før pandemien	
	- samarbeidet med andre instansar	Samarbeid med frivillige
	-oppleving av arbeidet med sårbare familiar	- viktig for deg -Utfordringar og barrierer
	- viktig i møtet med desse familiane før pandemien	
	-viktige tiltak/aktivitetar Kvifor?	
<b>Startfasen av pandemien</b>	-pandemien og påverknad av arbeidet i starten av pandemien	- reaksjonar
	-påverknad på familiane	- Dei vaksne - borna

		- relasjonar
	- påverknad av samarbeidet med samarbeidspartnarar/frivillige	
	-Tankar og forventningar	
	-Positive konsekvensar	
	-Negative konsekvensar	
	-Deltakinga til familiane	-viktigheit -utfordringar
	-Tilrettelegging for deltaking	
<b>Arbeidet undervegs</b>	-Barrierer i arbeidet	
	- aktivitetane/tiltaka de klarte å gjennomføre	
	-faktorar for gjennomføring	
	-Særskilt viktige arbeidsoppgåver/tiltak	
<b>Arbeidet i dag</b>	- Arbeidet med familiane per dags dato	
	-Organisasjonen si rolle for familiane sine liv	
	-Lærdom/håp for framtida	
	-arbeidet sin påverknad på den tilsette	
<b>Avsluttande spørsmål</b>	-spørsmål om tilleggsmåling	

#### Fase 4: oppsummering

- Oppsummere intervjuet og stille spørsmål om det er noko eg har forstått riktig og om det er noko intervjuobjektet ønskjer å leggje til.

## 9.4 VEDLEGG 4: INFORMASJONSSKRIV TIL INFORMANTANE

### **Vil du delta i forskingsprosjektet**

**«Når kvardagen endrar seg: Ei kvalitativ undersøking av Barnas Stasjon og deira møte med sårbare familiar under ein pandemi» ?**

Dette er et spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å undersøke korleis dei tilsette i organisasjonen Barnas Stasjon opplever arbeidet med sårbare familiar under koronapandemien. I dette skrivet gir vi deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltakinga vil innebære for deg.

#### **Formål**

Tema for oppgåva er skaping av motstandskraft og deltaking for sårbare familiar under ein pandemi, frå tilsette i ein organisasjon sitt perspektiv. Sårbare familiar hadde utfordringar før pandemien råka samfunnet vårt og ulike organisasjonar arbeida med denne gruppa. Det er truleg at organisasjonsarbeidet vart påverka av pandemien. For korleis er det å imøtekome sårbare familiar i ei tid der eldre frivillige ikkje kan nytast i arbeidet, felles måltid kan ikkje lagast og nytast saman, og arenaer for å treffast ikkje kan nyttast grunna smittevernstiltak. Det er truleg behov for å undersøkje nærmare korleis tilsette i ein organisasjonen opplevde og framleis opplever arbeidet med sårbare familiar under koronapandemien.

Forskingsspørsmåla vert

1. Kva er likskapar og skilnadar i Barnas Stasjon arbeid med deltaking før-, og under ein pandemi?

2. Korleis kan Barnas Stasjon sitt arbeid ha påverknad på motstandskrafta i organisasjonen og familiare dei arbeider med?

Dette er et forskingsprosjekt som skal brukast i ei masteroppgåve. Det vil gjennomførast observasjonar av aktivitetane organisasjonen gjennomfører over en periode på kring 4 veker, i tillegg til intervju med dei tre tilsette. I observasjon er det aktivitetane og praksisane som er i fokus.

### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Institutt for velferd og deltaking ved Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for prosjektet.

### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Du får spørsmål om å delta då du er tilsett i Barnas Stasjon (stad), og det er dei tilsette på (stad) som er spurt om å delta.

### **Kva inneberer det for deg å delta?**

Dersom du vel å delta i prosjektet, inneberer det at du deltek på et intervju som vil ta ca. 60 minutt. Intervjuet vil innehalde spørsmål om ditt og organisasjonen sitt arbeid med sårbare familiar før, og under en pandemi. Dine svar vil samlast inn ved hjelp av lydopptak og opplysningane vil registrerast elektronisk.

Eg ønsker å observere arbeidet til Barnas Stasjon ved å vere til stades under fleire av aktivitetane som gjennomførast, gjennom deltakande observasjon. Det er aktivitetane og praksisen som er av interesse under observasjonen og i feltnotata.

## **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Viss du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å gi nokon grunn. Alle dine personopplysningar vil då bli sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

## **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker dine opplysningar**

Vi vil berre bruke opplysningane om deg til formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det vil ikkje verte stilt spørsmål om bakgrunnsopplysningar og situasjonar slik at nokon kan kjennast att. Det skal takast omsyn til den teieplikta du som tilset har. Dette vert du også minna om før intervju.

Det vil vere meg sjølv og min rettleiar ved HVL som vil ha tilgang til opplysningane.

Namnet og kontaktopplysningane dine vil erstattast med ein kode som vert lagra på eiga namneliste skild frå øvre data. Andre personopplysningar vert ikkje naudsynt i dette prosjektet. Datamaterialet vil lagrast på forskingsservar.

## **Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysningane vert anonymisert når prosjektet avsluttast/oppgåva er godkjent, noko som etter planen er i juni/juli 2021. Då vil personopplysningar og opptak slettast.

## **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane,
- å få retta personopplysningar om deg,
- å få sletta personopplysningar om deg, og



- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

### **Kva gir oss rett til å behandle personopplysningar om deg?**

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Institutt for velferd og deltaking ved HVL har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Kvar kan eg finne ut meir?**

Dersom du har spørsmål til studien, eller ønsker å nytte deg av dine rettar, ta kontakt med:

- Institutt for velferd og deltaking ved HVL ved Kjetil Grimastad Lundberg, [kjetil.grimastad.lundberg@hvl.no](mailto:kjetil.grimastad.lundberg@hvl.no), tlf. 55587045, eller Maria Ones, [588045@stud.hvl.no](mailto:588045@stud.hvl.no)
- Vårt personvernombod: Trine A. Larsen, [trine.anikken.larsen@hvl.no](mailto:trine.anikken.larsen@hvl.no), tlf. 55587682

Dersom du har spørsmål knytta til NSD si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS på e-post ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Kjetil G. Lundberg

*Prosjektansvarleg*

(Forsker/veileder)

Maria Ones

*Student*

---

## Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «Når kvardagen endrar seg: Ei kvalitativ undersøking av Barnas Stasjon og deira møte med sårbare familiar under ein pandemi» ?

og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- å delta i observasjon
- at opplysninger om meg vert publisert i masteroppgåve og eg mogleg kan gjenkjennast

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avslutta

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## 9.5 VEDLEGG 5: TIDSLINJE

12.mars 2020    Påske    17.mai    Sommerferie    Høsten 2020    Julen 2020    Januar 2021  
Omfattande tiltak    Nye tiltak

